Dokument sist endret: 25.02.2003

Norges Jeger- og Fiskerforbund
Sogn og Fjordane

**www.njff-sognogfjordane.no**

# *Årsmelding 2002*

## Årsmøte på Rica Sunnfjord Hotel
## laurdag 15. mars 2003

Vestnorsk Villmarksmesse Nordfjordeid, 28.-30. mars 2003



Nyhende:

- **Vestnorsk Villmarks-messe 28-30. mars 03 Eid Idrettshus:**

- Fiskedam
- Kulturhistorisk utstilling
- Utstoppa dyr
- Friluftsleir for unge
- Knivsmie
- Skytesimilator
- Klatrevegg
- Båtbyggartradisjonar
- Partering av vilt
- Gevirutstilling

- Hundeutstilling
- Hesteshow
- Hesteopptog
- Svømmehall
- Tema-seminar:
  1.Merkeprosjekt hjort
  2.Småviltforvaltning
- Salsutstillingar
- Viltaften
- Flugekasting

- Auksjon:
  1.Grizzly
  2.Moose-hovud
  3.Elghovud
  4.Hjortehovud
  5.Ørn
  6.Hjortekjøt
  7.Skinn av svartbjørn
  elg, Ulv, coyote
  8.Utstoppa mår
  Med meir

# ÅRSMØTE RICA SUNNFJORD HOTEL, FØRDE
# 15. MARS 2002

## INNHALDSLISTE

Program og sakliste årsmøte........................................................ side 2
Styret sine framlegg til vedtak…………………………….…. side 3
Nokre ord frå leiaren.................................................................... side 7
Årsmelding frå styret.......................................…...................... side 8
Medlemsutvikling…………………………………….....… side 18
Årsmelding frå Fagleiar Fisk……....……................................... side 20
Årsmelding frå Fagleiar Vilt……............................................... side 20
Årsmelding frå Fagleiar Konkurranse......................................... side 21
Årsmelding frå Fagleiar Hund..................................................… side 22
Årsmelding frå Fylkesinstruktør Rifle.....................................… side 22
Årsmelding frå Ungdomsutval…………................................. side 23
Årsmelding frå Mik-instruktøren............................................… side 24
Årsmelding frå Fylkesinstruktør El. Dressurhalsband...............… side 25
Årsmelding frå Kvinnekontakten............………………..……… side 25
Årsmelding frå Fylkesinstruktør Jegerprøve..........................…….. side 26
Årsmelding frå Fylkesinstruktør Ettersøkshund......................... side 27
Årsmelding frå fylkessekretær.................................................... side 27
Årsmelding frå Undervisningsinstruktør..................................... side 28
Kontorutstyr………………………………………………. side 29
Rekneskap for 2002……………………………………….. side 30
Arbeidsprogram for 2003............................................................ side 34
Budsjett for 2003...........................................................……… side 42
Vedtekter………………………………………………….. side 45

## PROGRAM ÅRSMØTE

| | | |
|---|---|---|
| **Laurdag 15. mars** | Kl. 13.00 | Nytt frå NJFF -Sven Stenbrenden |
| | Kl. 14.00 | Lunsj |
| | Kl. 15.00 | Årsmøtesaker |
| | Kl. 16.30 | Kaffepause m/ frukt/kake |
| | Kl. 16.50 | Årsmøtesaker |
| | Kl. 19.00 | Avslutning |
| | Kl. 20.00 | Middag og sosialt samvær |
| **Søndag 16. mars** | Kl. 09.30 | Fagleg del: Jakthund – Sven Stenbrenden |
| | Kl. 10.50 | Kaffipause |
| | Kl. 11.00 | Open time |
| | Kl. 12.30 | Innslag frå Førde jfl |
| | Kl. 14.00 | Avslutning og heimreise. Lunsj for dei som ynskjer det. |

Pausar etter behov.

## SAKLISTE ÅRSMØTESAKER

1. Konstituering av møtet
   - Namneopprop
   - Val av ordstyrar
   - Val av sekretær
   - Val av teljekorps
   - Val av 2 representantar til å skrive under møteboka
   - Godkjenning av fullmakter
   - Godkjenning av innkalling
   - Godkjenning av sakliste
   - Godkjenning av forretningsorden
2. Årsmeldingar for 2002.
3. Revidert rekneskap for 2002.
4. Innkomne saker med styret sitt framlegg til vedtak.
5. Styret sitt framlegg til vedtektsendring §§ 7 og 8.
6. Styret sitt framlegg til arbeidsprogram 2003
7. Fylkeslaget sin kontingentdel 2004, med styret sitt framlegg til vedtak.
8. Styret sitt framlegg til budsjett 2003
9. Val av styre i medhald av § 7.
10. Val av valnemnd.
11. Val av 2 revisorar og ein varamedlem
12. Val av utsendingar til landsmøtet

## STYRET SINE FRAMLEGG TIL VEDTAK

### Sak 1. Konstituering av møtet

**Godkjenning av fullmakter**
Årsmøtet tek stilling til evt. innkomne fullmakter

**Godkjenning av innkalling og sakliste**
Innkalling med førebels program vart utsendt 30.01.03. I fylgje fylkeslaget sine vedtekter skal årsmøtet kallast inn med 6 vekers skriftleg varsel. Styret sitt framlegg til sakliste, årsmelding, rekneskap, evt. vedtektsendringar og andre saksdokument skal sendast til lokallaga seinast 2 veker før årsmøtet.

***Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:***
*Innkalling og styret sitt framlegg til sakliste vert godkjend.*

**Godkjenning av forretningsorden**
Styret fremjar følgjande til forretningsorden:

1. Talerett har alle valde årsmøtedelegatar, fylkeslagsstyret, fylkesinstruktørar, fylkessekretær og gjester
2. Forslags- og røysterett har alle valde årsmøtedelegatar og fylkeslagsstyret. Dersom fylkeslagsinstruktørar møter som representant for eit lag har dei røysterett. Styremedlemene i NJFF Sogn og Fjordane har ikkje røysterett i saker som gjeld årsmelding og rekneskap. Ingen har meir enn ei røyst.
3. Forslag på vedtak skal leverast møteleiar skriftleg og underteikna, men før strek er sett. Berre endringsforslag som har samanheng med saker oppførd på saklista kan behandlast. For seint innkomne forslag kan ikkje behandlast.
4. Alle vedtak skal avgjerast med simpelt fleirtal. Ved likt røystetal er framlegg forkasta, unnateke ved personval, der ein skal ha loddtrekning. Vala skal vere skriftlege dersom nokon av representantane krev det.  Ved endring av vedtektene, krevst 2/3 fleirtal
5. I protokollen skal det førast inn dei som har hatt ordet i saka, innkomne forslag og avstemmingar, samt dei vedtaka som er gjorde.

***Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:***
*Styret sitt framlegg til forretningsorden vert godkjend.*

### Sak 2, Årsmeldingar
Årsmelding for 2002: s. 8 –

***Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:***
*Styret sitt forslag til årsmelding vert godkjend.*

### Sak 3, Rekneskap 2002
Rekneskap s. 30

***Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:***
*Rekneskapet vert godkjend.*

**Sak 4, Innkomne forslag**
Det er ikkje kome inn forslag til årsmøtet.

**Sak 5, Vedtektsendringar §§ 7 og 8**
På bakgrunn av førre årsmøteframlegg om endring av Fagleiar Konkurranse, vedtok årsmøte i 2002 å opprette eit arbeidsutval som skulle sjå på organiseringa og oppgåvene til fylkeslaget og utarbeide ei innstilling før 1. november. Utvalet har bestått av leiar Audun Sande, avtroppande leiar Kristin Halvorsen, nestleiar Gunnstein Husdal, representant frå fylkesinstruktørane Bjarne Huseklepp og representant frå lokallaga Øyvind Hopland, fylkessekretær Reidun S Seim har vore sekretær. Husdal har vore leiar i utvalet.
Etter eit møte i arbeidsutvalet 17. oktober vart ei innstilling sendt ut til lokallaga og diskutert på formannskonferansen 22. november.

<u>Arbeidsutvalet sitt forslag for å effektivisere fylkeslaget er å:</u>

- Redusere fylkeslaget ved å ta vekk sekretærvervet og legge desse arbeidsoppgåvene til nestleiar. Fylkestyret får då 6 medlemer og ved likt røystetal vert saka utsett, evt. nyttar leiar dobbeltstemme.
- Tar vekk vervet som Fagleiar Konkurranse, då denne sine opprinnelege oppgåver er tatt over av Fylkessekretæren ( i samarbeid med Instruktør Hagle/ Rifle) og legg førebels ingen spesielle oppgåver på 2. vara.
- 1. vara møter fast til møta og har stemmerett ved forfall av andre styremedlemer.
- Fagleiar Hund går opp som 1. vara sidan dette er eit felt som må prioriterast.
- I staden for å ha utval, skal Fagleiarane søke støtte hjå ressurspersonar i lokallaga, NJFF sentralt, fylkesinstruktørar og ressurspersonar i Direktoratet for Naturforvaltning, hjå Fylkesmannen, biologar, forskarar etc.
- Organisasjonsutvikling, rekruttering og handtering av media:
  Arbeidsoppgåver innan rekruttering og organisasjonsutvikling vert tildelt nestleiar. Handtering av media vert tatt inn i arbeidsprogrammet: Der skal stå kva viktige saker fylkeslaget skal profilere, og kven som er ansvarleg.
  Fagleiarar, ungdomsansvarleg, instruktørar og kvinnekontakt er ansvarlege for mediehandtering på kvar sine områder. Dersom dei ikkje har høve til å ta seg av saka vert ansvaret lagt til leiar, også saker som ikkje fell under nokon av dei ansvarlege. Leiaren avgjer kven som skal ta saka. Liste over dei ansvarlege på dei ulike områda vert sendt til media, med kopi til alle i fylkeslaget.
- Ein ber lokallaga kome med kontaktpersonar / ressurspersonar på ulike felt, som t.d. hjort, rovdyr, småvilt, sel, fuglehund, sjøfugljakt, laks, ungdomsarbeid etc. Desse personane skal Fagleiarar og andre i fylkeslaget kunne gjere seg nytte av i fagsaker
- Fylkesinstruktørane: Det er fylkesstyret si oppgåve å vurdere trongen for og å utnemne instruktørar og utarbeide instruks for dei. Arbeidsutvalet påpeikar at jegerprøve og ettersøk er statlege oppgåver som NJFF har, og må ikkje rørast ved. Ein bør søke samarbeid med andre fylkeslag der det er høveleg. Fagområda hund og el.dressur bør vurderast å slå saman.
- For å heve kompetansen og få ein meir effektiv organisasjon også på lokalplan, vert alle nyvalde i lokallagsstyra innkalla til organisasjonskurs. Kursa skal vere regionale og utan behov for overnatting, helst eit ettermiddagskurs.

***Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:***

***§ 7. STYRE***

*Laget vert leia av eit styre på 6 representantar, som består av leiar, nestleiar/sekretær, kasserar, ungdomsansvarleg, fagleiar vilt og fagleiar fisk.*
*Fagleiar vilt og fagleiar fisk har fagansvar på kvar sine fagområde og førebur desse til styrebehandling.*
*Styret skal ha to vararepresentantar. 1. vararepresentant har hovudansvar for fagområde innan jakthund. 2. vararepresentant er ordinært varamedlem.*
*Fyrste vararepresentant vert innkalla til alle styremøte, og har røysterett når nokon av dei andre medlemene har forfall.*
*Andre vararepresentant vert også innkalla til fyrste styremøtet etter årsmøtet, og elles når faste representantar melder avbod. Styret har til ein kvar tid maksimalt 6 repr. med stemmerett.*
*Ved likt røystetal vert saka utsett eller leiar brukar dobbeltrøyst.*

1. *Styret vert vald for 2 år om gongen. Leiar, kasserar og fagleiar vilt vert valde i år med like årstal. Nestleiar/sekretær, ungdomsansvarleg og fagleiar fisk vert valde i år med ulike årstal.*
2. *Varamedlemene vert valde for 1 år om gongen..*

*Fylkesinstruktørane og andre fagpersonar er fagleg underlagt NJFF, og tiltrer fylkesstyret etter behov med tale og forslagsrett.*

***§ 8. STYRET SITT ARBEID***

10. *Styret kan oppnemne eigne arbeidsutval. Styret utarbeidar arbeidsinstruks for desse.*
14. *Utarbeide instruks for styremedlemer og instruktørar.*

**Sak 6, Arbeidsprogram 2002**
Styret sitt forslag til arbeidsprogram: s. 34

***Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:***
*Styret sitt framlegg til arbeidsprogram for 2002 vert godkjend.*

**Sak 7, Medlemskontigent 2004**
Fylkeslagskontigenten er no kr. 35,- for alle kategoriar med unntak av barne- og ungdomsmedlemskap med og utan tidsskrift som er sett til kr. 0,-.

***Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:***
*Årsmøtet gjer vedtak om å ikkje endre fylkeslagskontigenten.*

**Sak 8, budsjett 2003**
Styret sitt forslag til budsjett: s. 42

***Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:***
*Styret sitt framlegg til budsjett for 2003 vert godkjend.*

**Sak 9, Val 2003**
Valnemnda har tatt høgde for om det vert vedtektsendring eller ikkje.

***Valnemnda sitt framlegg til vedtak:***

| *Verv* | *Tillitsvald i dag:* | *Valnemnda sitt framlegg:* |
|---|---|---|
| • Leiar | (Audun Sande) | Ikkje på val |
| • *Nestleiar veljast for 2 år* | *(Gunnstein Husdal)* | *Astrid E. Brørs, Lærdal* |
| • *Sekretær veljast for 2 år* | *(Astrid E. Brørs)* | *Astrid E. Brørs, Lærdal* |
| • Kasserar | (Vidar Sylvarnes) | Ikkje på val |
| • *Ungdomsleiar veljast for 2 år* | *(Torger Eimhjellen)* | *Attval* |
| • *Fagleiar vilt veljast for 1 år* | | *pr. 20.02.03 ingen kandidat* |
| • *Fagleiar fisk veljast for 2 år* | *(Svein Arne Forfod)* | *Attval* |
| | | |
| • *1. vara/ Fagleiar Konkur. 1 år* | *(Lars Bjørkeland)* | *pr. 20.02.03 ingen kandidat* |
| • *2. vara/ Fagleiar Hund, 1 år* | *(Jan Bjarte Skrøppa)* | *Attval* |
| | | |
| • Revisor nr. 1, har 2 år att | (Arve Nesje) | Ikkje på val |
| • *Revisor nr. 2, veljast for 3 år* | *(Terje Espe)* | *Attval* |
| • Revisor vara, har 1 år att | (Arve Nes) | Ikkje på val |
| | | |
| • Valnemnd, leiar | (Jan Egil Fimreite) | Svein Otto Melheim, Eid |
| • Valnemnd, medlem | (Svein Otto Melheim) | Rune Ramstad, Førde |
| • *Valnemnd, medlem* | *(Rune Ramstad)* | *Ny veljast for 3 år* |

# NOKRE ORD FRÅ LEIAREN

For vår organisasjon vart året som er gått eit merkeår. Først og fremst tenkjer eg då på den positive medlemsutviklinga , og som før jul vart krona med over 100 000 NJFF medlemer. Aldri tidlegare har så mange hatt sin tilknyting til organisasjonen, dette gjeld både på landsplan og i vårt fylke. Det er ei glede å vere med å ønskje dei nye velkomne.

For tillitsvalde og tilsette på alle nivå i forbundet er den positive utviklinga ein ekstra bonus for langsiktig og god arbeidsinnsats, og samtidig ein inspirasjon til å jobbe vidare til beste for organisasjonen. På lag og foreiningsnivå blir det årleg utført ein kjempeinnsats som imponerer meg, både med tanke på organisasjonsarbeid, det å dyktiggjere utøvarane, og ikkje minst å inngå leigeavtaler for jakt og fiske.

Men vi vil alltid stå overfor ein situasjon der ting kan gjerast betre. Mange av dei nye medlemane har gjennomført ein god teoretisk jegeropplæring, men som har betydelege begrensingar. Det begrunnar eg med at den avsluttar utan praktisk jaktopplæring. Ikkje minst gjeld dette storvilt, men og småvilt. Vi går mot eit meir urbant samfunn der ikkje lenger så mange har den tilknyting til jakt som tidlegare generasjonar hadde.
Eit samarbeid mellom jaktrettshavar - jaktlag og vår organisasjon om opplæringsjakt vil vere eit viktig steg for å oppnå praktisk kunnskap på desse felta.

Utfordringa i tida framover blir på mange måtar å oppretthalde og tilrettelegge for ein vidare auke i medlemsmassen, og ikkje minst er det viktig at foreiningane er opne og imøtekomande for nye medlemer og har eit variert tilbod som imøtekjem interesse for både vilt og fisk.

I ein situasjon der forbundet går i medvind vil det samtidig vere ei utfordring å bli betre i alle ledd i organisasjonen. Eit prioritert område for fylkesforbundet i året som kjem blir å tilrettelegge for å vitalisere foreiningar der det er ønskje om det, og opprette nye der vi geografisk ikkje er tilstades.

Eg vil med dette takke alle tillitsvalde i fylkesforbundet, foreiningane, fylkessekretær, undervisningsinstruktør og den enkelte medlem for samarbeidet i året som er gått, og ønskje lukke til med det vidare arbeid.

Audun Sande
- leiar -

# ÅRSMELDING FOR 2002 FRÅ STYRET

**Fylkeslaget har i 2002 vore samansett slik:**

| | |
|---|---|
| Leiar | Audun Sande, Jølster jspfl |
| Nestleiar | Gunnstein Husdal, Lærdal jfl |
| Sekretær | Astrid E. Brørs, Lærdal jfl |
| Kasserar | Vidar Fjello Sylvarnes, Årdal jff |
| Ungdomsleiar | Torger Eimhjellen, Hyen jfl |
| Fagleiar Vilt | |
| Fagleiar Fisk | Svein Arne Forfod, Høyanger jfl |
| | |
| 1. vara Fagleiar Konkurranse | Lars Bjørkeland, Gloppen jfl |
| 2. vara Fagleiar Hund | Jan Bjarte Skrøppa, Luster jfl |
| | |
| Kvinnekontakt | Kristin Halvorsen, Flora jfl |
| Fylkesinstruktør MIK | Bjarne Huseklepp, Hyllestad jfl |
| Fylkesinstr. Rifle | Arne Olav Bjørlo, Eid jfl |
| Fylkesinstr. Jegerprøve | Bjarne Huseklepp, Hyllestad jfl |
| Fylkesinstr. Ettersøkshund | Birger Hogrenning, Stryn og Hornindal jspfl |
| Fylkesinstr. El. Dressur | Bjørn Monsen, Luster jfl |

Ungdomsutval:

| | |
|---|---|
| Leiar | Torger Eimhjellen, Hyen jfl |
| Medlem | Torunn Rygg, Gloppen jfl |

Fiskeutval:

| | |
|---|---|
| Leiar | Svein Arne Forfod, Høyanger jfl |
| Medlem | Tor Zachariassen, |
| Medlem | Håkon Huseklepp, Førde jfl |

Viltutval:

| | |
|---|---|
| Leiar | Fagleiar Vilt |
| Medlem | Jakob Rønnekleiv, Hyen jfl |
| Medlem | Malvin Barlund, Jølster jsfl |

Revisorar

| | |
|---|---|
| Revisor 1 | Arve Nesje, Stryn og Hornindal jsfl |
| Revisor 2 | Terje Espe, Eid jfl |
| Revisor, vara | Arve Nes, Eid jfl |

Valnemnd

| | |
|---|---|
| Leiar | Jan Egil Fimreite, Årdal jff |
| Medlem | Svein Otto Melheim, Eid jfl |
| Medlem | Rune Ramstad, Førde jfl |

Tilsette:

| | |
|---|---|
| Fylkessekretær 100 % stilling: | Reidun Solberg Seim, Sandane |
| Undervisningsinstruktør 50 % stilling: | Arne Rebni, Svelgen |

**Frå NJFF - Sogn og Fjordane har desse vore med i NJFF sine styre og utval i 2002:**

| | |
|---|---|
| Bjarne Huseklepp, Jegerpr./MIK- instruktør | Medlem i Forbundsstyret og leiar i DSU |
| Kristin Halvorsen, kvinnekontakt | Medlem i Forbundsstyret |

**Fylkeslaget er representert i desse utval/fagråd:**

* Referansegruppa for Norsk Hjortesenter: Leiar, Fagleiar Vilt er vara.
* Styringsgruppa for prosjektet ”Lokal forvaltning og driftsplanlegging av vilt – og fiskeressursar”. Leiar møter. Fagleiar Vilt og Fagleiar Fisk er kontaktpersonar.
* Styringsgruppa i FNF (Forum for Natur og Friluftsliv), Kristin Halvorsen
* Merkeprosjekt hjort, styringsgruppa. Ove Bjørlo er fylkeslaget sin representant
* Samarbeidsrådet for laks og sjøaure i Sogn og Fjordane: Fagleiar Fisk
* Styringsgruppa for Norsk Villakssenter: Fagleiar Fisk
* Komiteen for NM Jaktfelt: Fylkesinstruktør Rifle

# Norges Jeger- og Fiskerforbund
# -Sogn og Fjordane

# Status arbeidsprogram 2002

## 1.1. Naturgrunnlaget som føresetnad for jakt og fiske.

**Målsetjing:** Sikre naturgrunnlaget som vilkår for jakt og fiske.

**Tiltak**:

- Samarbeide med Fylkesmannen om tildeling av midlar frå vilt og fiskefondet for å betre bruken av pengane.
  ⇒ Fagleiar Fisk telefonmøte med fiskeforvaltar
  ⇒ F.sekr telefonmøte med viltforvaltar.
- Aktivt vere med på å påverke ei god forvaltning av vilt- og fiskeressursar, lokalt og sentralt.
  ⇒ Høyringar, arbeidd for pengar til kalking og bekjemping av gyro, samjakt, deltakar i driftsplanprosjektet, møte med Fylkesmannen om forskrift om fiske etter laks og sjøaure, merkeprosjekt hjort,
- Aktiv deltakar i arealforvaltning, arbeide mot inngrep / uroing i naturområder
  ⇒ Lokallaga har fått tilsendt oversikt over når kommunedelplanar vert rullert
- Arbeide for auka kalkingsbudsjett / Forsuring
  ⇒ Utsendt pressemelding og brev til politikarar
- Arbeide for auka midlar til å bekjempe gyro
  ⇒ Utsendt pressemelding og brev til politikarar
- Deltakar i Driftsplanprosjektet, påverke for at lokallaga kjem med i driftsplanarbeidet.
  ⇒ Leiar har vore i møte med driftsplanprosjektet 25.09.02
- Samarbeide med andre organisasjonar, t.d. Forum for Natur og Friluftsliv (FNF)
  ⇒ Kristin Halvorsen har vore i styringsgruppa for FNF, Fylkessekretær har vore på Nordisk Friluftskonferanse 28-29.01 og FNF seminar 29-30.01 i Oslo, samt FNF samling 1-2.11 i Fjærland. Undervisn.instr. og ungdomsleiar vore med på 4H leir, 4H var med på fylkesleiren.
- Bestandsregistrering av sel
  ⇒ Ikkje fått økonomisk støtte
- Prosjekt hjortemerking
  ⇒ Ove Bjørlo med i styringsgruppa, fylkessekr. samle inn data og legge ut på nett.

## 1.2. Tilgjenge til jakt og fiske.

**Målsetjing:** Sikre og vidareutvikle ålmenta si tilgjenge til jakt og fiske.

**Tiltak:**

- Vurdere leige av jakt- og fiskerettar i samarbeid med lokallaga (interkommunalt)
  ⇒ Byrja å samle inn informasjon / avtalar for å lage ei rettleiing, ikkje ferdig
- Påverke lokallaga til å gjere lukka lag til opne.

⇒ Snakka med eit par lokallag per telefon ang. emnet. Spørjeundersøking for å kartleggje kvifor lag står som lukka.

- Følgje opp det gode samarbeidet som ein har fått mellom kommunane, grunneigarorganisasjonar, lokallag og Fylkesmannen ved MIK-kursa.
  ⇒ Kurset vart halde på Rica Sunnfjord Hotel 23-24. nov. over 160 deltakarar.
- Faunaforvaltning i verneområder
- Sikre allemannsretten og ferdselsretten
  ⇒Høyring: Verneplan for myrområde, sikre tilgang til friluftsliv.
  ⇒Fagleiar Fisk har jobba aktivt med framleigesak i Førde, i samarbeid med Førde jfl
- Auka fokusering på samjakt
  ⇒ Pressemelding, radio, dialog med og pådrivar ovanfor NJFF og Driftsplanprosjektet
- Halde oversikt over jakt- og fiskevald som lokallaga disponerer og informere andre
  ⇒ Oversikt er på internett, medlemsblad nr. 1/2002.
- Arbeide for å opne jakt og fiske for allmugen særleg der det har vore nytta offentlege Midlar
  ⇒ Sendt brev til Fylkesmannen og eit til DN via NJFF om oppfølging.

## 1.3. Utøving av jakt og fiske.

**Målsetjing:** Sikre jakt- og fiskeutøving som ein naturleg del av det tradisjonelle, haustingsbaserte friluftslivet.

**Tiltak:**
Vidareføre og påverke samarbeidet med Fylkesmannen, utføre instruktøroppgåver og kursverksemd og aktivitetar som sikrar sikker og human jakt- og fiskeutøving.
Utvikle samarbeidsprosjekt innan vilt og fisk

- Brukarkurs El. Dressurhalsband
  ⇒ Kurs på Nordfjordeid i mai
- Dommarkurs, ettersøkshundar
  ⇒ Loen 19.-20. april. Utdanna ein person
- Jaktleiarkurs
  ⇒ Mik-seminar 23-24. nov.
- Jervejaktkurs
  ⇒ Ikkje fått nok midlar til å halde kurset.
- Fylkesleir for barn / ungdom 14.-16. juni
  ⇒ Arrangert på Nesholmen 14.-16. juni, 40 deltakarar.
- Fiskecamp
- Kurs i utfisking (samarbeid med grunneigarorg.)
  ⇒ utsett til våren 03 p.g.a. få påmeldte
- Prøve blodspor og ferskspor
  ⇒ mai – august i Stryn.
- Oppgradering av jegertrap-dommarar
  ⇒ utsett til våren 2003.
- Andre kurs og studieverksemd i regi av styret ved instruktørar, Fagleiarar m.fl.
- Få opp aktiviteten på rifleskyting

- Legge til rette for trenings- og prøveområde for fuglehundar og skape eit betre fuglehundmiljø.
  ⇒ Fått lagt til rette betre treningsterreng på Gaularfjellet. Har prøvd fleire områder, men ikkje kome fram til noko endå. Er i dialog med interesserte for å skape eit større miljø.
- Haglekurs: "Kom i gang!"

## 2.1. Organisasjonsutvikling.

**Målsetjing:** Organisasjonen vert vidareutvikla slik at fylkeslaget i endå større grad kan bistå lokallaga m.o.p. NJFF sine satsingsområder.

**Tiltak:**

- Koordinere samarbeid lokallaga imellom.
  ⇒ Vestnorsk Villmarksmesse, Fylkesleir for ungdom, NM jaktfelt.
- Kartleggje lokallagsstrukturen i fylket med tanke på ei god geografisk dekning.
  ⇒ Spørjeundersøking. Ikkje fått svar frå alle.
- Meir kontakt med lokallaga.
  ⇒ Mykje går på e-post, antakeleg for mykje. Samarbeid med omsyn på kurs/ aktivitetar gjev veldig god kontakt mellom fylkeslag og lokallag.
- Gjennomføre dei vedtektsfesta arrangementa.
  ⇒ Årsmøte 16-17. mars , formannskonferanse. 22-23. nov.
- Påverke lokallaga til å delta på regionale organisasjonskurs og nytte seg av studieringar i studieforbundet natur og miljø.
  ⇒ Info nr. 2 (april).
- Gjennomføre naudsynte endringar som fylgje av gjennomgang av instruktørordningane
- Mediekurs på årsmøte
  ⇒ 17. mars ved informasjonssjef Espen Farstad.
- Arbeidsutval organisasjonsstruktur
  ⇒ Arbeidsutvalet hadde møte 17. oktober, innstilling til vedtektsendringar.
- Vestnorsk Villmarksmesse
  ⇒ Er under planlegging, samarbeid med Stryn & Hornindal jspfl, Eid jfl, Gloppen jfl og Bryggja & Omegn jfl.

## 2.2. Rekruttering.

**Målsetjing:** Minst 98.650 betalte medlemskap for år 2002 på landsbasis, 3100 på fylkesplan.

**Tiltak:**

- Rekruttering av nye medlemmer fyrst og fremst gjennom lokal aktivitet, stimulert gjennom nye vervetiltak og vekstrelaterte oppgåver.
  ⇒ Jakttur for damer 11-13. oktober, Årdal, fylkesleir for ungdom 14-16. juni på Nesholmen, deltaking på stand i Naustdal, friluftshelga i Hyen. Eigne vervepremiar i fylket til dei 3 beste.

- Spesiell satsing mot målgrupper av potensielle medlemer, t.d. ungdomsmedlemer og Kvinner
  ⇒ Jakttur for damer 11-13. oktober, Årdal, fylkesleir for ungdom 14-16. juni i Hyen.
- Innmelding av lag som ikkje er medlem i NJFF, samt vitalisering av dei lokallag som er "sovande".
  ⇒ Dialog med interesserte i Måløy for å starte eige lokallag, prøvd kontakt med Solund jfl. Deltok på stand på Måløydagane.
- Kontakte direktemedlemer for å verve dei til lokallaga.
  ⇒ Direktemedlemer fekk brev med giro til nærmaste lokallag i november.
- Gjere marknadsføring og synleggjering utad meir profesjonell
  ⇒ Innkjøp av to banner som brukast på stand o.l..
- Konkurranseaktiviteten skal nyttast meir aktivt i rekrutteringssamanheng
  ⇒ Planla å få til fiskekonkurranse i heile fylket 3. august m/ premiar til lokallag som har flest deltakarar i forhold til medlemstal eller innbyggarar, men det gjekk ikkje.

## 2.3. Barne- og ungdomsarbeid

**Målsetjing:** Setje i verk tiltak som skal gje barn og ungdom eit betre tilbod enn tidlegare. Fiskeklubben skal få eit større innhald gjennom aktivitetar lokalt.

**Tiltak:**
- Medlemsverving til Fiskeklubben gjennom lokallaga
  ⇒ stimulere lokallaga til å arrangere aktivitetar, gjeve premiar til dei lokallaga som har spurt.
- Friluftsleir og andre aktivitetar for ungdom
  ⇒ fylkesleir, friluftsleir i Hyen.
- Stimulere til aktivitetar for born og ungdom
  ⇒ sjå ovanfor
- Undervisningsprosjekt i skulane
  ⇒ Arne Rebni tilsett i 50 % stilling som undervisningsinstruktør. Kun Svelgen skule og nokre enkeltoppdrag
- Skulestangprosjektet
  ⇒ informert lokallaga, prøvd å påverke til å bli med, vore med å delt ut stenger i Svelgen.

## 2.4. Informasjonsarbeid

**Målsetjing**: NJFF sitt bodskap skal nå ein større del av allmugen på ulike nivå, og skal stimulere til auka interesse og forståing for jakt og fiske.

**Tiltak**:
- Medlemsblad "Jeger & Fisker" skal ut 2 gonger og vidareutviklast
  ⇒ Nr 1 kom ut i mai/juni, nr. 2 i september.
- Informasjonsrutinane skal forbetrast slik at alle ledd i NJFF har naudsyn informasjon til å kunne fylle målsetjinga som gjeld informasjons- og lobbyarbeid.

⇒ Bruk av internett, info-skriv, medlemsblad, e-post.

- Halde høg profil i viktige saker for utøving av jakt og fiske, ved blant anna å gjennomføre eksterne informasjonstiltak som synleggjer jakt, fiske og organisasjonen godt i samfunnet, spesielt ovanfor forvaltning og politikarar.
  ⇒ pressemeldingar / intervju: nasjonale laksefjordar, framleigesak, EU og slakting av hjortevilt, jakttidshøyring, samjakt
- Informere lokallag om stønadsordningar
  ⇒ Formannskonferansen 23. november, info-skriv
- Innkjøp av profileringsmateriell
  ⇒ 2 større banner
- Naturmagasin NRK –Sogn og Fjordane
  ⇒ Påverka NRK –Sogn og Fjordane ved oppstart av naturmagasin, kome med innspel.

## 2.5. Skulering.

**Målsetjing:** Styrke skuleringsverksemda i fylkeslaget og lokallaga.

**Tiltak:**

- Assistere lokallaga med hjelp som dei ynskjer ved skulering av sine medlemer m.m.
  ⇒ Info 2 (april)
- Oppfordre lokallaga til å arrangere regionale kurs med bistand frå fylkeslaget
  ⇒ Info 2 (april)
- Formannskonferansen med vekt på ungdomsarbeid
  ⇒ 22-23. nov. på Rica Sunnfjord Hotel.

# 3 Økonomi

- Finansiere aktivitetar med offentleg stønad og andre stønadsmoglegheiter
  ⇒ Søkt om midlar til : medlemsblad, haglekurs, fylkesleir, selregistrering, jaktleiarkurs, deltakar driftsplanarbeid, Mik, jervejaktkurs, undervisning i skulane, kurs i fiskekultivering, merkeprosjekt og driftsstøtte.
  Innvilga totalt kr. 224.850,-, men noko går kanskje ut p.g.a ikkje fullført aktivitet.

**Styremøter:**
Det er halde 7 styremøte og handsama 71 saker.

**Informasjon frå styret:**
Styret har sendt ut sakliste og referat frå styremøta til lokallaga, fylkesinstruktørar og NJFF. Lokallagsinformasjonen "informasjon" er sendt ut 7 gonger i tillegg til anna informasjon frå styret. Medlemsblad er utgjeven 2 gonger.

**Pressemeldingar sendt ut frå fylkeslaget:**
Nasjonale laksefjordar
Framleigesak i Førde
Jakttidshøyring
Samjakt
Pengar til kalking og bekjemping av gyro
Norges største jaktleiarkurs
Reportasje frå fylkesleiren.

**Medieaktivitet:**

| | | |
|---|---|---|
| Januar | Svein Arne: | Ytre Sogn: tilsvar leiarartikkel om villaks/ nasj.laksefj./ oppdrett |
| 13.02.02 | Kristin | NRK Sogn og Fjordane: Jakttidshøyringa / kvinner på jakt |
| 18.02.02 | Reidun | Vestlandsrevyen: EU truar storviltjakta, |
| 21.02.02 | Kristin | Firda: Jakttidshøyringa |
| Mars | Svein Arne | Jakt & fiske nr. 3: Portrettintervju |
| Mars | Kristin | NRK P1 Norgesglasset: Prosentdelen damer på jakt aukar |
| april | Audun | Firda: jakt med pil og boge |
| 05.04.02 | Svein Arne | Firda: ankesaka, framleige |
| 10.04.02 | Svein Arne | Melding til Sølsnes om rømming i Askvoll |
| 11.04.02 | Svein Arne | NRK Sogn og Fjordane: 2 intervju |
| 11.04.02 | Svein Arne | NRK Tekst – TV: Framleigesaka |
| 7.06.02 | Torger | Nordfjord Nærradio: fylkesleir for ungdom |
| 21.06.02 | Svein Arne | NRK –Sogn og Fjordane: Laksefjordar |
| 06.09.02 | Audun | NRK –Sogn og Fjordane: Samjakt |
| 26.06.02 | Svein Arne | NRK –Sogn og Fjordane: Laksesesongen så langt |
| 26.06.02 | Svein Arne | NRK Tekst –TV: Laksesesongen så langt |
| 10.09.02 | Audun | NRK –Sogn og Fjordane, naturmagasinet: Hjortejakt |
| 20.09.02 | Kristin | NRK -Sogn og Fjordane: Småviltjakt for damer på Tyin. |
| 15.10.02 | Kristin | Sogn avis: Jakttur for damer på Tyin |
| 15.10.02 | Kristin | NRK Sogn og Fjordane; Naturmagasinet: jakttur for damer,Tyin |
| 12.11.02 | Reidun | NRK –Sogn og Fjordane: Vestnorsk Villmarksmesse |

**Representasjonar, profilering, møter og kursverksemd**

**JANUAR**

| | | | |
|---|---|---|---|
| 25.01.02 | Eid | Årsmøte Eid jfl | Reidun |
| 28-29.01.02 | Oslo | Nordisk Friluftskonferanse | Reidun |
| 29-30.01.02 | Oslo | FNF seminar | Reidun |

**FEBRUAR**

| | | | |
|---|---|---|---|
| 01.02.02 | Leikanger | Dagseminar om villaksen (FM)-paneldebatt | Svein Arne |
| 2-3.02.02 | Førde | Fase III kurs for jegerprøveinstruktørar | Bjarne |
| 14.02.03 | Skei | Styremøte | |

**MARS**

| | | | |
|---|---|---|---|
| 26.04.02 | Florø | Årsmøte Florø jfl | Torger |
| 05.03.02 | Høyanger | Årsmøte Høyanger jfl | Svein Arne |
| 06.03.02 | Sande | Årsmøte Gaular jfl | Svein Arne |
| | | Møte med Fylkesmannen, viltfondsmidlar | Reidun |
| 16-17.03.02 | Loen | Årsmøte fylkeslaget | |
| 17.03.02 | Frammarsvik | Fagdag Nausta og årsmøte Nausta Elveeigarlag | Svein Arne |

**APRIL**

| | | | |
|---|---|---|---|
| 15-17.04.02 | Kjerringøy | Fylkessekretærsamling | Reidun |
| 25.04.02 | Eid | Stand på NM Jaktfelt | Reidun |
| 26.04.02 | | Telefonmøte FM, fiskefond | Svein Arne |
| 26.04.02 | Eid | Stand på NM Jaktfelt | Reidun |
| 26-28.04.02 | Vassenden | Deltaking på 4H leir | Arne, Torger |
| 27.04.02 | Eid | Stand på NM Jaktfelt | Reidun |
| 28.04.02 | Eid | Stand på NM Jaktfelt | Reidun |

**MAI**

| | | | |
|---|---|---|---|
| 05.05.02 | Skei | Styremøte | |
| 21.05.02 | Eid | Kurs el.dressur | Bjørn Monsen |
| 24-26.05.02 | | Fylkesleiarkonferanse og RS-møte | Audun |
| 31.05.02 | Hyen | Utdeling av skulestenger | Torger, Arne |

**JUNI**

| | | | |
|---|---|---|---|
| 01.06.02 | Naustdal | Stand på Naustdalsdagane | Reidun |
| 04.06.02 | Eid | Møte Vestnorsk Villmarksmesse | Audun, Reidun |
| 14-16.06.02 | Hyen | Fylkesleir for ungdom | Torger, Arne, Svein Arne, Lars, Reidun, Torunn |
| 25.06.02 | Eid | Møte Vestnorsk Villmarksmesse | Audun, Reidun |
| 26.06.02 | Eid | Styremøte | |
| 28-30.06.02 | Måløy | Måløydagane | Reidun |
| 29.06.02 | Måløy | Måløydagane | Svein Arne, Arne |
| 28-30.06-02 | Florø | Friluftshelga i Florø | Kristin |

**JULI**

| | | | |
|---|---|---|---|
| 26-28.07.02 | Hyen | Friluftshelg i Hyen | Torger, Sven Arne, Arne, Reidun |

**AUGUST**

| | | | |
|---|---|---|---|
| 11.04.02 | Skei | Styremøte | |
| 14-16.08.02 | Geilo | Seminar ”visst napper det….” | Reidun |
| 16.08.02 | Sande | Skipingsmøte Gaula Elveeigarlag | Svein Arne |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 30-331.08.02 | Sundsdalen | Kurs i kart og kompass og fiske | Arne |
| 30.8 - 1.9.02 | | Fylkesleiarkonferanse og RS-møte | Audun |
| **SEPTEMBER** | | | |
| 01.09.02 | Askvoll | Synfaring Rivedalselva (høyring) og styremøte Askvoll jfl | Svein Arne |
| 04.09.02 | Skei | Styremøte | |
| 25.09.02 | Førde | Styringsgruppa næringsutvikling/driftsplanlegging | Audun |
| **OKTOBER** | | | |
| 02.10.02 | Eid | Møte Vestnorsk Villmarksmesse | Audun, Reidun |
| 09.10.02 | Skei | Styremøte | |
| 11-13.10.02 | Tyin | Småviltjakt for damer | Kristin |
| 28-30.10.02 | Drammen | Fylkessekretærsamling | Reidun |
| 29.10.02 | Lærdal | Representantskapsmøte Norsk Villakssenter | Svein Arne |
| **NOVEMBER** | | | |
| 1.-2.11.02 | Fjærland | FNF-samling | Reidun |
| 05.11.02 | Eid | Møte Vestnorsk Villmarksmesse | Audun, Reidun |
| 06.11.02 | Førde | Regulering av fiske etter laks og sjøaure 2003-2007 | Audun, Svein - Arne, Reidun |
| 06.11.02 | Skei | Møte lakserådet | Svein Arne |
| 22.-23.11.01 | Førde | Formannskonferanse | |
| 23.11.02 | Førde | Styremøte | |
| 23-24.11.01 | Førde | Mik-seminar | |
| **DESEMBER** | | | |
| 6-8.12.02 | Stjørdal | Jegerprøveinstruktørsamling | Bjarne |

# Medlemsutvikling 1996-2002




Barne- og ungdomsutvikling i NJFF -Sogn og Fjordane
Utvikling heile fylket
272
260
261
243
214
285
300
250
200
150
100
50
0
1997
1998
1999
2000
2001
2002
45
40
35
30
25
20
15
10
5
0
Askvoll & H. jff
Aurland jfl
Balestrand jfl
Bryggja jfl
Eid jfl
Fjaler jslf
Flora jff
Førde jfl
Gaular jfl
Gloppen jfl
Gulen jfl
Hyen jfl
Hyllestad jfl
Høyanger jfl
Jølster jspfl
Leikanger jfl
Luster jfl
Lærdal jfl
Naustdal jff
Selje jfl
Sogndal jspfl
Solund jfl
Stryn & H.
Svelgen jfl
Sørgulen jfl
Vik jff
Årdal jff
1997
1998
1999
2000
2001
2002

## ÅRSMELDING FRÅ FAGLEIAR FISK

Året starta med ei svært tidkrevjande handsaming av den etter kvart kjende framleigesaka i Nausta og Jølstra. Utallege telefonar og initiativ i saka vart teke, og det var til tider vanskeleg å halde ei sakleg korrekt line. Juristane i DN, som til slutt handsama vår anke på fylkesmannen si omgjerding av sitt første nei til framleige, og stadfesta løyvet -**for sesongen 2002**- vil be DN og Dep. om å gå gjennom heile sakskomplekset på nytt, da det kan synast å vere manglande samsvar mellom lovas tekst og intensjon. NJFF sentralt vil følgje denne biten, som truleg ikkje er endeleg avklara. Fylkesstyret har i brev bede NJFF sentralt syte for at DN innskjerpar ein betydeleg strengare praksis overfor FM i framleigespørsmål

Mykje tid har og gått med til oppfølging av laksefjordsaka- særleg sett i lys av forskjellane i oppfatning av saksfeltet i Miljøvern- og Fiskeridepartementet. Dette saksfeltet vil krevje tung innsats framover våren 2003, spesielt oppgåva med å tilveiebringe relevant materiale til stortingsbenken frå fylket.

Fagleiar har og gått gjennom ein del høyringsdokument, og har m.a. etter å ha synfart Rivedalselva saman med grunneigarrepresentantar og Askvoll JFL funne å kunne gå inn for den føreslegne utbygginga av elvekraftverk i Rivedalselva. (Utan magasinering)

Fagleiar har delteke på nokre årsmøte, og helst frå styret. Vi har og delteke ved Måløydagane med stand, utan den heilt store responsen, medan friluftshelga i Hyen, og ungdomsleiren på Nesholmen var særs vellukka arrangement

Det var ein skuffande respons på den tillyste" felles fiskedagen," som var tenkt skipa til i starten av August. Likedan vart det såpass lita oppslutnad om det tillyste kurset i "Skjøtsel av fiskevatn – utfisking" som var tillyst på Lavikdalen 18-20. oktober, at dette vart avlyst. Vi vil følgje opp dei som hadde meldt seg direkte til våren, og prøve ei ny utlysing. Truleg kolliderte vi med hjortejakta.

Fagleiar takkar for innspel og førespurnader, og vil legge vinn på å kunne yte direkte servise til org.ledd eller medlemar som bed om det. Takk for samarbeidet i året som gjekk.

Med helsing
Svein Arne Forfod
- Fagleiar Fisk –

## ÅRSMELDING FRÅ FAGLEIAR VILT

Fylkeslaget har heller ikkje i 2002 hatt Fagleiar Vilt, og leiar Audun Sande har tatt seg av fleire oppgåver som tilhøyrar vervet Fagleiar Vilt.

# ÅRSMELDING FRÅ FAGLEIAR KONKURRANSE

For snart 2 år sidan fekk eg ein telefon frå valg-komiteen – som kunne fortelle at fylkeslaget hadde bestemt at fagleiar konkurranse – skulle omdøypast til fagleiar aktivitet – og at det satsast på arrangement for unge jegerar og fiskarar. Synest dette var interessant og sa ja til denne henvendelsen. I ettertid har det dessverre synt seg at vi allereie hadde ein leiar (leiar for ungdomsutval) som tok vel vare på det/den satsinga. Prøvde i starten (i fjor. Ref årsmeldinga 2001) – å få i gang eit arrangement
som eg hadde tru på . Men manglande tilbakemelding – og regelen i frivillig arbeid om at ”ein har å tilby – men ikkje nøye” – gjorde det slik at det meste fall i fisk.

Deltok medio Juni på ungdoms/fylkesleiren på Nesholmen – her var det mykje glade ungdomar som boltra seg i naturen – fisken beit utruleg villeg – så det var ikkje vanskeleg å oppnå konsentrasjon.
P g a liten aktivitet i dette utvalet – underteikna har sjølvsagt sin del av ansvaret .- har eg valt å takke for det vesle som vart gjort - og overlate roret til nye krefter.




**Bilder frå eit vellykka ungdomsarrangement på Nesholmen 14.-16. juni 2002**

**Arbeidsprogram 2003**
Detalj-planlegge for Jakt/fiske/fangst-festival 2003
Gjennomføre ein del praktiske oppgåver i forbindelse med dette.(for eksempel: lage casting-stampar/stativ for flugekasting(presisjon))

**Budsjett 2002**
Inntekter: 0.-
Utgifter : 2000.- (div utstyr til jakt/fiske/fangst-festival 2003 - forberedande)

Med helsing
Lars Bjørkeland
-Fagleiar Konkurranse-

## ÅRSMELDING FRÅ FAGLEIAR HUND

Har ikkje løyst dei store oppgåvene innan mitt felt i år.

Undersøkte litt vedr. treningsterreng for fuglehundar i områda ikring Hemsedal, men liten/ingen moglegheit til å komme inn her.
Medlemmar i NJFF i Sogn og Fjordane vil få tilbod om å trene på visse områder på Gaularfjellet, ved å løyse inn "årskort". Dette skal skje via Henning Fureli, Hyllestad. Info om dette vil komme på internettsidene våre og i "Jeger & fisker". Har undersøkt litt om dei same moglegheitene i Nordfjord, og håpar å få til ei avtale i løpet av 2003.

Har også sett på bandtvangstidene i alle kommunane i Sogn og Fjordane, vil få lagt dette ut på nettsidene våre.

Manglar tilbakemeldingar ifrå medlemmar om kva ynskjer ein har for sine jakthundar!! Har lite/ingenting oversikt over harehundmiljø i fylket, hjelp meg med dette.

Med helsing
Jan Bjarte Skrøppa
-Fagleiar Hund-

## ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR RIFLE

Det har ikkje vert avholdt instruktørsamlinger i året som har gått.
På formannskonferansen i Førde vart det tatt opp spørsmål om å utdanne lokale instruktørar og interessa for dette. Det viste seg etter å ha kontakta de fleste lag at interessa er til stede der og då.
Fylkesinstruktøren har vært engasjert i NM Jaktfelt som formann i skyteteknisk komitè. Dette vart arrangert på Tua i Nordfjordeid fra 25. til 28. april.

Arbeidsoppgåver 2003:

Arrangere kurs for lokale instruktørar etter nytt opplegg som blir presentert i mars.
Sette seg inn i til ein kvar tid gjeldande regelverk.

Med helsing
Arne Olav Bjørlo
-Fylkesinstruktør rifle-

# ÅRSMELDING FRÅ UNGDOMSUTVALET

Utvalet har i 2002 bestått av leiar Torger Eimhjellen
medlem Torunn Rygg

| **Arbeidsplan for 2002:** | **Arbeidsplan for 2003:** |
|---|---|
| fylkesleir jakt og fiske for ungdom | fylkesleir jakt og fiske for ungdom |
| ungdomsleiarkurs/aktivitetshelg | delta på 4H sin fylkesleir |
| delta på lokale tilskipingar i fylket | stimulere ungd. til å delta på aktivitetshelg |
| samarbeide med vår undervisningsinstruktør | "stø" opp om undervisningsinstruktøren |

**I** år er vi stolte av å ha gjennomført vår etterlengta fylkesleir for ungdom! Ungdom i alderen 12-15 år fekk ei flott, inspirerande helg på Nesholmen i Hyen. Over 80 meldte si interesse, men bla. av omsyn til tryggleik på skytebana, (voksne instruktørar) valde vi å seie stopp ved 42 ungdomar. Dette vart mottatt med forståing frå dei voksne/foreldre, men det er sjølvsagt ikkje kjekt å utelukke nokon!
Gløden blant ungdomane var til å ta og føle på, og Nesholmen synte seg å vere ein utmerka plass å arrangere slik leir på.
Leiren gjekk i underskot, men det var sett av midlar til ungdomsarbeid, so vi ligg fortsatt på pluss-sida.
Fylkesleir jakt og fiske vert det i 2003 og. Vi har tatt vare på namn til alle som meldte si interesse, og vi vonar å kunne ta imot fleire denne gongen.
Diverre kom leiren til å kollidere med eit anna arr. Dette vil vi prøve å unngå neste år.

**A**ktivitetshelg for ungdom og ungdomsleiarar var for bla. Sogn og Fj. arr. i Etne i Sunn-Hordaland. Der skulle vi ha vore....*men var der ikkje*. Tilbakemelding frå Steinar Paulsen NJFF, var gode og positive. ***Det undrast at ingen frå vårt fylke hadde meldt seg på...?***
På landsbasis var påmeldinga god, so det at helgja er aktivitetstretta har nok vist seg for å vere rett veg å gå.

**F**or å "nå ut" til ungdomen, må vi vere der dei er! Dette å delta på lokale tilskipingar med stands er vel og bra, men kan ikkje måle seg med å vere ***blant*** ungdomane.
I år var vi so heldige å få vere på 4H sin fylkesleir. Dette var planlagt sidan 4H hadde medhjelparar på vår leir. For oss som var der er konklusjonen klar: Dette var moro og nyttig! Vi fekk innblikk i korleis 4H har sine leirar, og ikkje minst***: vi fekk synt "oss" fram, og kva vi står for.***
I løpet av denne leiren auka ungdomstalet i NJFF Sogn og Fj. monleg! Men det er klart:
**Klarer ikkje lokalforeiningane å ta hand om desse, ja då veit vi kva veg det går!!**

**Og** i år delte vi ut pris til ei lokalforeininga som hadde gjort eit godt tiltak for barn og unge. I år søkte 6 lag etter prisen (ein auke på 100% frå i fjor!) Valet var ikkje lett. Til slutt hamna vi på Stryn og Hornindal jspfl. **GRATULERER!** Prisutdelinga fann stad på formannskonferansen 22. nov.

**U**ngdomsutvalet bør og skal ha eit "tett" samarbeid med instruktøren vår, Arne. Han har alltid vore lett å be om hjelp til tiltak og arrangement som vi har gjennomført. Dette har letta arbeidet vårt, samtidig som vi har felles mål: *barn og unge*

**U**ngdomsutvalet har hatt eit par møter, pluss telefonmøter gjennom året. Spesielt i forkant av fylkesleiren.

Elles har vi deltatt på følgjande arr:
Årsmøte til Flora jff
Skulestangprosjektet i Hyen
Mindre tilstellingar i nærmiljøet

Med helsing
Torger Eimhjellen
- leiar ungdomsutvalet -

## ÅRSMELDING FRÅ MIK-INSTRUKTØR

Mik-kurset på Sunnfjord Hotell 23.-24. november vart ein kjempesuksess. Programmet hadde jakt og jaktleiing som tema. Totalt deltok det over 170 personar på den faglege delen. I tillegg kom familie og venner med ca. 60 personar.

Målgruppa var som tidlegare medlemmer i lokale JFL, grunneigarar og kommunalt viltansvarlege.
Jaktkonsulent Sven Stenbrenden hadde hovudansvaret for jaktleiarkurset.
Hans faglege tyngde og folkelege framføring fortener toppkarakter.

Det var svært godt samarbeid med Fylkesmannen og grunneigarorganisasjonane både i planlegging og gjennomføring av Mik-kurset. Det er ei klår målsetjing å vidareutvikle det god samarbeidet mellom grunneigarsida, FM og NJFF- Sogn og Fjordane.
Fylkesmannen støtta samlinga i 2002 med kr. 25.000 til dekking av fellesutgifter.

Denne årlege samlinga har no fått gode og innarbeidde tradisjonar med høgt fagleg nivå. Ei av dei viktigaste oppgåvene våre er å sikre fotfolket det beste av fakta og kunnskap om framtidsretta forvaltning av både fisk og vilt. Det er også viktig å understreke verdien av den sosiale delen med julebord på Mik-kursa for både seminardeltakarar og deira familie.

Til slutt vil eg takke Reidun for godt samarbeid.

**Arbeidsprogram for Mik-instr. 2003.**
*******************************
Arrangere Mik-kurs med hovudvekt jakt- og fisketilbodet.
Stad: Sunnfjord Hotell. Dato: 22.-23. november.
Kurset skal vere sjølvfinansierande.

Med helsing
Bjarne Huseklepp
-Mik-Instruktør-

## ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR ELEKTRISK DRESSURHALSBAND

Det vart holdt eit brukarkurs i 2002. Det var på Nordfjordeid i mai.
Lokallaget hadde meldt på to kandidatar. Dei gjennomførte kurset med teori først, og den praktiske delen deretter.
Vi hadde litt for få respektlause hundar, men begge deltakarane fekk prøvd seg.
Håpar det kan verta fleire brukarkurs i 2003.

Med helsing
Bjørn Monsen
-Fylkesinstruktør Elektrisk Dressurhalsband-

## ÅRSMELDING FRÅ KVINNEKONTAKTEN

Kvinnene har vert i aktivitet i 2002. Det var planlagt fluefisketur i mai som vart avlyst, men vi prøver igjen i 2003. Målet vårt er å skape ein sosial møteplass for oss damer som liker å drive med jakt, fiske og friluftsliv.

Vi hadde ein flott tur på småviltjakt i Tyin guida av trivelege karar frå Årdal JFF.
I tillegg har vi fått laga litt blest om oss damene i media i år. I samband med kvinnedelen som aukar på jegerprøven og blant dei aktive jegerane var vi i radio både lokalt og nasjonalt. Og jaktturen vår i Tyin i oktober fekk lyttarane på lokalsendinga vere med oss ein time på tur med Birger Meland ein tysdag føremiddag.

På arbeidsprogrammet for 2003 er vi i sving med organisering av kurs på Svanøy med viltforvaltning, partering, matlaging, sopp og urter til vilt 5.-7. september. Prisen blir heller ikkje så galen. Men her må vi over 10 deltakarar.

Elles arbeidsprogrammet for 2003; Isfiske 1. mars (Hyen), Fluefisketur mai/august (Guddal) og jakttur (Nordfjord).

Med helsing
Kristin Halvorsen
- kvinnekontakt-

## ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR JEGERPRØVE

2002 var 2. året med 30 t. praktisk/obligatorisk jegerprøvekurs.
Den nye jegerprøveopplegget har vorte svært godt motteke.

Det vart arrangert kurs for nye instruktørar i Førde 2.-3. februar. Underteikna har løyve frå DN til å prøve ut ein ny modell for instruktørutdanning. Denne går i hovudsak ut på at nye jp.instr.kandidatar stiller opp på kurs saman med fylkesinstruktøren. I staden for brevkurs/studiering på førehand, får dei nye instruktørane heimelekse i dei 4 obligatoriske fagbøkene som er direkte knytte til oppgåva som instruktør.
Tilbakemeldingane frå deltakarane var udelt positive.

Jegerprøveinstruktøren deltok på den årlege samlinga for fylkesinstruktørar i Stjørdal 6.- 8. des.
På denne samlinga er ein av postane alltid tilbakemelding frå Studieforbundet Natur og Miljø.
Så langt er det ikkje avdekka jegerprøvekurs i Sogn og Fjordane som bryt med regelverket.
Dette er eit synleg prov på at instruktørane i fylket gjere ein svært god jobb.
Det einaste feilen som var registrert var ferdigmeldingar som viste 31 timar opplæring i staden for 30. I 2003 skal vi ha alle kurs på 30 timar, verken meir eller mindre.

Ved årsskiftet var det 69 godkjende instruktørar i Sogn og Fjordane.
Målet mitt har vore å bygge opp ei gruppe på minst 3 instruktørar i kvart lokallag som deler instruktøroppgåvene mellom seg. Dette opplegget fungerer der ein praktiserer det. Den nye jegerutdanninga på 30 t. set større krav til instruktørane både fagleg, pedagogisk og med omsyn til personleg tidsforbruk. Dei lokallag som har få instruktørar, kan oppleve at dei få instruktørane, grå trøytte. Tiltaket mot dette er å utanne fleire instruktørar snarast.

Avslutningsvis vil eg takke instruktørane for godt arbeid. Det er slik vi vil ha det.

**Arbeidsprogram for jegerprøve-instr. 2003.**
************************************

Planen er å arrangere kurs for nye instruktørar i Førde 1. -2. februar.
Ved årsskiftet var det påmeldt 14 personar.

Dei lokallaga som har 3 instruktørar eller færre, bør så snart råd er, starte arbeidet med å finne godt eigna personar til instruktøroppgåvene.

Med helsing
Bjarne Huseklepp
- Fylksinstruktør Jegerprøve-

## ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR ETTERSØKSHUND

Året 2002 har gått utan at eg har vore så aktiv i arbeidet med instruktørjobb, men på grunn av husbygging vart det lite tid til overs.
Det vart halde eit dommarkurs med 1 deltakar og denne vart godkjent.
I året 2003 skal vi ha 2 dommarkurs om det vert nok påmelde. Dei som melder seg på må ha fullført fase 1,3.
Utdanning av dommarar kan nok hjelpe på med nye ettersøkshundar, men ikkje det åleine.
Eg trur dei lokale klubbane må på bana for å få fram kva dei ynskjer av aktivitetar.

Med helsing
Birger Hogrenning
-Fylkesinstruktør Ettersøkshund-

## ÅRSMELDING FRÅ FYLKESSEKRETÆR

Fylkessekretæren er tilsett i 100 % stilling og har kontor heime.

Det meste av arbeidstida går til vanleg kontordrift og oppdatering av heimesida.
Planlegging av kurs og aktivitetar tar ein god del tid, også dei to medlemsblada.

Fylkessekretæren hadde stand under NM Jaktfelt og fekk litt innsyn i denne skytegreina ved å vere med som deltakar. Med tanke på lite skytetrening forut og aldri prøvd jaktfelt før, gjekk deltakinga dårlegare enn anntatt, og var høfleg nok til å sikre bunnplass.
Arrangementet gjekk særs bra og Eid jfl har her gjort ein kjempejobb ! Gratulerer !

Planlegging av Vestnorsk Villmarksmesse er godt i gang, og krev mykje av alle i arrangementskomiteen. Denne gangen er det Eid jfl, Stryn & Hornindal jspfl, Gloppen jfl og Bryggja & Omegn jfl som er medarrangørar. Messa går av stabelen i Eid Idrettshus, Nordfjordeid 28-30. mars.

Som i fjor, har eg dårleg samvit ovanfor dei lokallaga som ikkje har e-post. Lag med e-post får mykje informasjon over nettet, men det har også synt seg at det kan ha uheldige konsekvensar dersom e-post går gjennom, men maskina til mottakar likevel ikkje fungerar.
Skal i 2003 prøve å sende ut meir brev med informasjon.

Møteverksemd og liknande kjem fram av representasjonen og møteverksemda til fylkeslaget.
Arbeidsoppgåvene for 2002 og 2003 kjem også fram av arbeidsplanen til fylkeslaget.

Med helsing
Reidun Solberg Seim
-Fylkessekretær-

## ÅRSMELDING FRÅ UNDERVISNINGSINSTRUKTØR

Har i år jobba med tilvalsfaget Jakt, fiske og friluftsliv på Svelgen Skule. Dette har vore ein suksess, både for meg og elevar. Vi har jobba med tema som, sjø/vatn fiske, kart og kompass og bålfyring samt andre elementære friluftsaktivitetar.

Dette samarbeidet tok slutt i jan. 2003 pga. den økonomiske situasjonen som skulen har hamna i. Det blir jobba frå skulen sitt hald for å få samarbeidet til å fortsette.

Eg har vore i kontakt med andre skular i fylket. Det er mykje positive tilbakemeldingar, men dei fleste blir stogga pga. økonomien. Skulane har rett og slett ikkje midlar til å engasjere meg.
Har og delteke saman med ungdomsleiaren på 4H sin fylkesleir, dette og med suksess.
I samarbeid med Norges orienterings forbund/SogF var eg på overnattingstur med Solbakken asylmottak, der vi hadde emna orientering og fiske. Trass i dårleg ver, var det stormande jubel og hæla i taket.

Det er ikkje investert mykje på utstyrsfronten, i forhold til fjorårets behaldning. Men dersom behovet endrar seg er midlane klare.

Det går etter mine auge svært dårleg med undervisningsprosjektet, lite praktisk arbeide for meg. Det er meget mogleg min eigen feil, har prøvd, men ikkje lukkast med å få kontraktar med skular.
Dette går utover vidsyn og motivasjon og vidare arbeid.
Kanskje på tide med ein ny og motivert mann på min plass!!
Ha bedt om eit møte med "nokre" i leiinga, dette skal skje i laupet av nyåret.

Målsetning for 2003 er å fortsette arbeidet. Eg vil ikkje kome med meir detaljerte planar før etter møtet meg leiinga.

Med helsing
Arne Rebni
- Undervisningsinstruktør –

## Kontorutstyr som NJFF – Sogn og Fjordane eig pr. 31.12.02

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1 datamaskin (pc) | Telemark Intel inside celeron | 1998 | (Reidun) |
| 1 datamaskin (pc) | Telemark Intel inside celeron | 2000? | (Arne) |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1 telefaks | Brother fax -470 | 1995 | (Arne) |
| 1 telefaks | Lanier 4100 | 1997 | (Reidun) |
| | | | |
| 1 kopimaskin | Lanier 6112 copier | 1990 | (Arne) |
| 1 kopimaskin | Nashuatec D420 (sortering) | 1997 | (Reidun) |
| | | | |
| 1 skrivar | HP deskjet 500 | 1986 | (Arne) |
| 1 skrivar | HP laserjet 1100 | 1998 | (Reidun) |
| 1 skrivar/skanner | HP Office Jet 1170 c | 1999 | (Reidun) |
| | | | |
| 1 ISDN telefon | DORO bisy | 1999 | (Reidun) |
| 1 Mobiltelefon | Ericson | 1999 | (Reidun) |

Elektrisk Dressurhalsband
Målegevær

Utstyr til undervisning i jakt, fiske og friluftsliv:
Skaphengar, 2000
10 sett flugestenger, 2000
10 sett flugebindarutstyr, 2000
10 teleskopstenger utan snelle, 2000
7 ferskvasstenger
7 Mink - og mårfeller
30 flytevestar
Ymse

Fylkeslaget eig også 1/3 i ”skiljeveggane” som vart laga til Villmarksmessa i Stryn 1997 + dei i Førde.

| Realisert 2002 | | | | | Revidert Budsjett 2002 | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Inntekter | | | | | Inntekter | | +/- | |
| 3200 | 3021 | Salg-/Reklame (Transporthenger) | Kr. | 6 666,28 | Kr. | 4 000,00 | Kr. | 2 666,28 |
| 3210 | 3700 | Salg-/Annonser | Kr. | 6 900,00 | Kr. | 0,00 | Kr. | 6 900,00 |
| 3220 | 3010 | Salg-/Effekter | Kr. | 13 641,00 | Kr. | 9 000,00 | Kr. | 4 641,00 |
| 3240 | | Salg-/Kursmateriell | Kr. | 1 600,00 | Kr. | 0,00 | Kr. | 1 600,00 |
| 3290 | | Salg-/Andre Inntekter | Kr. | 3 550,00 | Kr. | 0,00 | Kr. | 3 550,00 |
| 3300 | | NJFF-/Tilleggskontigent | Kr. | 0,00 | Kr. | 0,00 | Kr. | 0,00 |
| 3301 | 3201 | NJFF-/Variabel Refusjon | Kr. | 49 137,20 | Kr. | 47 000,00 | Kr. | 2 137,20 |
| 3302 | 3204 | NJFF-/Kont. Fast Grunnbeløp | Kr. | 22 546,00 | Kr. | 21 950,00 | Kr. | 596,00 |
| 3303 | 3204 | NJFF-/Kont. Kom. Andel | Kr. | 22 554,00 | Kr. | 21 960,00 | Kr. | 594,00 |
| 3304 | 3206 | NJFF-/Kont. Landsmøtet | Kr. | 9 058,50 | Kr. | 9 500,00 | Kr. | -441,50 |
| 3305 | 3207 | NJFF-/Kont. Lokale Arr. | Kr. | 6 069,20 | Kr. | 6 500,00 | Kr. | -430,80 |
| 3306 | 3208 | NJFF-/Kont. Ungd.Satsing | Kr. | 15 082,40 | Kr. | 15 000,00 | Kr. | 82,40 |
| 3307 | 3209 | NJFF-/Kont. Medl.Avis | Kr. | 15 082,40 | Kr. | 15 000,00 | Kr. | 82,40 |
| 3308 | 3210 | NJFF-/Kont. Kontordrift | Kr. | 45 292,50 | Kr. | 48 000,00 | Kr. | -2 707,50 |
| 3309 | | NJFF-/Refusjon Porto/Adm.Utgifter | Kr. | 0,00 | Kr. | 2 500,00 | Kr. | -2 500,00 |
| 3310 | | NJFF-/Refusjon Fiske/Villm.Camp | Kr. | 0,00 | Kr. | 10 000,00 | Kr. | -10 000,00 |
| 3311 | | NJFF-/Refusjon Merverdiavgift | Kr. | 5 563,00 | Kr. | 0,00 | Kr. | 5 563,00 |
| 3390 | 3200 | NJFF-/Tilskudd/Andre Bidrag | Kr. | 3 000,00 | Kr. | 0,00 | Kr. | 3 000,00 |
| 3410 | 3205 | Tilskudd-/Fylkessekretær | Kr. | 10 000,00 | Kr. | 15 000,00 | Kr. | -5 000,00 |
| 3420 | 3530 | Tilskudd-/Kulturmidler | Kr. | 0,00 | Kr. | 0,00 | Kr. | 0,00 |
| 3430 | 3330 | Tilskudd-/Aktiv Ungdom | Kr. | 0,00 | Kr. | 0,00 | Kr. | 0,00 |
| 3440 | 3240 | Tilskudd-/Studieforbundet | Kr. | 2 000,00 | Kr. | 0,00 | Kr. | 2 000,00 |
| 3450 | 3300 | Tilskudd-/Merkeprosjekt | Kr. | 0,00 | Kr. | 10 000,00 | Kr. | -10 000,00 |
| 3460 | | Tilskudd-/Gaver | Kr. | 0,00 | Kr. | 0,00 | Kr. | 0,00 |
| 3470 | 3371 | Tilskudd-/Friluftsleirer | Kr. | 5 000,00 | Kr. | 19 000,00 | Kr. | -14 000,00 |
| 3471 | 3372 | Tilskudd-/Friluftshelg Hyen | Kr. | 0,00 | Kr. | 0,00 | Kr. | 0,00 |
| 3472 | 3373 | Tilskudd-/Jaktlederkurs | Kr. | 0,00 | Kr. | 8 000,00 | Kr. | -8 000,00 |
| 3473 | 3374 | Tilskudd-/Jervejaktkurs | Kr. | 7 000,00 | Kr. | 30 000,00 | Kr. | -23 000,00 |
| 3474 | 3375 | Tilskudd-/Driftsplanarbeid | Kr. | 1 850,00 | Kr. | 4 800,00 | Kr. | -2 950,00 |
| 3475 | 3376 | Tilskudd-/Ettersøksråd | Kr. | 0,00 | Kr. | 0,00 | Kr. | 0,00 |
| 3476 | 3377 | Tilskudd-/Medlemsavis | Kr. | 3 000,00 | Kr. | 10 000,00 | Kr. | -7 000,00 |
| 3477 | 3378 | Tilskudd-/Fluekasterkurs | Kr. | 0,00 | Kr. | 0,00 | Kr. | 0,00 |
| 3478 | | Tilskudd-/Undervisn.prosjektet | Kr. | 103 500,00 | Kr. | 175 000,00 | Kr. | -71 500,00 |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 3479 | | Tilskudd-/Jegerprøven/Instr. | Kr. 840,00 | | Kr. 5 000,00 | | Kr. -4 160,00 |
| 3480 | | Tilskudd-/MIK | Kr. 0,00 | | Kr. 20 000,00 | | Kr. -20 000,00 |
| 3481 | | Tilskudd-/Form.Konferanse | Kr. 0,00 | | Kr. 0,00 | | Kr. 0,00 |
| 3482 | | Tilskudd-/Ettersøk/Sporhund | Kr. 0,00 | | Kr. 1 500,00 | | Kr. -1 500,00 |
| 3483 | | Tilskudd-/Fiskekultivering | Kr. 12 000,00 | | Kr. 5 000,00 | | Kr. 7 000,00 |
| 3484 | | Tilskudd-/Haglekurs | Kr. 5 000,00 | | Kr. 0,00 | | Kr. 5 000,00 |
| 3490 | 3570 | Tilskudd-/Andre Bidrag | Kr. 0,00 | | Kr. 7 000,00 | | Kr. -7 000,00 |
| 3500 | 3800 | Kurs-/Avgift | Kr. 9 750,00 | | Kr. 45 000,00 | | Kr. -35 250,00 |
| 3510 | 3610 | Arrangement-/Villmarksmesse | Kr. 30 799,29 | | Kr. 0,00 | | Kr. 30 799,29 |
| 3520 | 3901 | Arrangement-/Lotteri | Kr. 0,00 | | Kr. 0,00 | | Kr. 0,00 |
| 3530 | | Arrangement-/Lokale | Kr. 0,00 | | Kr. 0,00 | | Kr. 0,00 |
| 3540 | | Arrangement-/Avgift | Kr. 15 948,00 | | Kr. 0,00 | | Kr. 15 948,00 |
| 3590 | 3960 | Arrangement-/Andre Inntekter | Kr. 1 950,00 | | Kr. 0,00 | | Kr. 1 950,00 |
| 3710 | | Sponsor-/Undervisn.prosjektet | Kr. 0,00 | | Kr. 20 000,00 | | Kr. -20 000,00 |
| 3720 | | Timer-/Undervisn.prosjektet | Kr. 20 837,58 | | Kr. 0,00 | | Kr. 20 837,58 |
| 3990 | 3990 | Drift-/Andre Inntekter | Kr. 200,00 | | Kr. 2 000,00 | | Kr. -1 800,00 |
| 8030 | 8010 | Rente-/Inntekter | Kr. 12 134,00 | | Kr. 12 000,00 | | Kr. 134,00 |
| 8070 | 8090 | Finans-/Andre Inntekter | Kr. 0,00 | | Kr. 0,00 | | Kr. 0,00 |
| **Utgifter** | | | | | **Utgifter** | | **+/-** |
| 4300 | 4650 | Varer-/Innkjøp Effekter | | Kr. 21 399,50 | | Kr. 15 000,00 | Kr. -6 399,50 |
| 4310 | 4600 | Kurs-/Materiell Interne | | Kr. 16 170,00 | | Kr. 15 000,00 | Kr. -1 170,00 |
| 4320 | 6400 | Kurs-/Materiell Eksterne | | Kr. 0,00 | | Kr. 0,00 | Kr. 0,00 |
| 4360 | | Frakt-/Kostnader | | Kr. 0,00 | | Kr. 500,00 | Kr. 500,00 |
| 4390 | 4730 | Kurs-/Andre Kostnader | | Kr. 0,00 | | Kr. 2 000,00 | Kr. 2 000,00 |
| 4500 | 6100 | Fremmedytelser-/Konsulentarb. | | Kr. 4 856,00 | | Kr. 6 000,00 | Kr. 1 144,00 |
| 5210 | | Godtgjørelse-/Fri Telefon | | Kr. 3 300,00 | | Kr. 0,00 | Kr. -3 300,00 |
| 5250 | | Godtgjørelse-/Tapt Arb.fortj. | | Kr. 2 100,00 | | Kr. 0,00 | Kr. -2 100,00 |
| 5300 | | Honorar-/Styremedlemmer | | Kr. 5 800,00 | | Kr. 13 000,00 | Kr. 7 200,00 |
| 5310 | | Lønn-/Undervisn.instruktør | | Kr. 164 797,00 | | Kr. 162 828,00 | Kr. -1 969,00 |
| 5320 | | Pensjon-/Undervisn.instruktør | | Kr. 0,00 | | Kr. 500,00 | Kr. 500,00 |
| 5330 | | Honorar-/Fylkesinstruktører | | Kr. 500,00 | | Kr. 1 999,00 | Kr. 1 499,00 |
| 5900 | | Gaver-/Tillitsvalgte/Andre | | Kr. 985,00 | | Kr. 5 000,00 | Kr. 4 015,00 |
| 6000 | 6015 | Midler-/Avsatt Landsmøtet | | Kr. 0,00 | | Kr. 10 000,00 | Kr. 10 000,00 |
| 6300 | 4600 | Kurs-/Adm./Drift Interne | | Kr. 500,00 | | Kr. 7 000,00 | Kr. 6 500,00 |
| 6310 | 6400 | Kurs-/Adm./Drift Eksterne | | Kr. 0,00 | | Kr. 0,00 | Kr. 0,00 |
| 6440 | | Leie-/Transportmidler | | Kr. 1 200,00 | | Kr. 0,00 | Kr. -1 200,00 |

| | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 6450 | | Leie-/Lokaler | | Kr. | 0,00 | | Kr. | 5 000,00 | Kr. | 5 000,00 |
| 6470 | 6215 | Leie-/Kontor Fylkessekretær | | Kr. | 12 000,00 | | Kr. | 12 000,00 | Kr. | 0,00 |
| 6590 | 4990 | Drift-/Andre Kostnader | | Kr. | 0,00 | | Kr. | 1 000,00 | Kr. | 1 000,00 |
| 6600 | 6899 | Arrangement-/Villmarksmessen | | Kr. | 22 666,00 | | Kr. | 20 000,00 | Kr. | -2 666,00 |
| 6610 | | Arrangement-/Lokale/Profil. | | Kr. | 14 200,00 | | Kr. | 22 100,00 | Kr. | 7 900,00 |
| 6620 | 7002 | Arrangement-/Friluftsleirer | | Kr. | 14 926,16 | | Kr. | 20 000,00 | Kr. | 5 073,84 |
| 6630 | 6600 | Arrangement-/Premier/Gevinster | | Kr. | 7 763,20 | | Kr. | 10 000,00 | Kr. | 2 236,80 |
| 6640 | | Arrangement-/Lotteri Kostnader | | Kr. | 0,00 | | Kr. | 7 000,00 | Kr. | 7 000,00 |
| 6650 | | Arrangement-/Sporhund | | Kr. | 118,00 | | Kr. | 0,00 | Kr. | -118,00 |
| 6690 | 6600 | Arrangement-/Andre Kostnader | | Kr. | 0,00 | | Kr. | 0,00 | Kr. | 0,00 |
| 6710 | | Drift-/Merkeprosjekt | | Kr. | 6 850,00 | | Kr. | 0,00 | Kr. | -6 850,00 |
| 6720 | | Drift-/Undervisn.prosjektet | | Kr. | 14 180,50 | | Kr. | 50 000,00 | Kr. | 35 819,50 |
| 6810 | | Data-/Maskiner/Utstyr | | Kr. | 0,00 | | Kr. | 3 000,00 | Kr. | 3 000,00 |
| 6811 | | Data-/Vedlikehold | | Kr. | 1 215,00 | | Kr. | 0,00 | Kr. | -1 215,00 |
| 6812 | | Data-/Programvare | | Kr. | 0,00 | | Kr. | 3 000,00 | Kr. | 3 000,00 |
| 6820 | 6220 | Adm.-/Kontormatr./Inventar | | Kr. | 4 455,00 | | Kr. | 5 000,00 | Kr. | 545,00 |
| 6830 | 6715 | Adm.-/Vedlikehold | | Kr. | 0,00 | | Kr. | 1 500,00 | Kr. | 1 500,00 |
| 6840 | 6860 | Adm.-/Aviser/Tidsskrifter | | Kr. | 1 495,00 | | Kr. | 5 000,00 | Kr. | 3 505,00 |
| 6850 | 6820 | Adm.-/Faglitteratur/Bøker | | Kr. | 0,00 | | Kr. | 1 500,00 | Kr. | 1 500,00 |
| 6860 | 6700 | Adm.-/Kontorrekvisita | | Kr. | 8 699,71 | | Kr. | 14 000,00 | Kr. | 5 300,29 |
| 6870 | 6750 | Adm.-/Kopiering | | Kr. | 0,00 | | Kr. | 500,00 | Kr. | 500,00 |
| 6880 | 6830 | Adm.-/Trykkeritjenester | | Kr. | 40 095,80 | | Kr. | 7 200,00 | Kr. | -32 895,80 |
| 6890 | | Adm.-/Andre Kostnader | | Kr. | 0,00 | | Kr. | 500,00 | Kr. | 500,00 |
| 6900 | 6850 | Tele-/Internett/Telefon/Faks | | Kr. | 30 204,82 | | Kr. | 42 000,00 | Kr. | 11 795,18 |
| 6910 | 6950 | Gebyr-/Bank etc. | | Kr. | 1 643,00 | | Kr. | 800,00 | Kr. | -843,00 |
| 6940 | 6800 | Porto-/Post/Brev etc. | | Kr. | 54 685,39 | | Kr. | 57 500,00 | Kr. | 2 814,61 |
| 7010 | 8500 | Kjøretøy-/Transporthenger | | Kr. | 0,00 | | Kr. | 0,00 | Kr. | 0,00 |
| 7020 | | Kjøretøy-/Vedlikehold | | Kr. | 0,00 | | Kr. | 0,00 | Kr. | 0,00 |
| 7100 | 6006 | Reise-/Opphold Eksterne | | Kr. | 0,00 | | Kr. | 10 000,00 | Kr. | 10 000,00 |
| 7110 | 5900 | Reise-/Opphold Interne | | Kr. | 3 455,00 | | Kr. | 30 000,00 | Kr. | 26 545,00 |
| 7120 | 5950 | Reise-/Klippekort Bomavgift | | Kr. | 0,00 | | Kr. | 2 000,00 | Kr. | 2 000,00 |
| 7125 | 5950 | Reise-/Klippekort Ferjer | | Kr. | 0,00 | | Kr. | 2 500,00 | Kr. | 2 500,00 |
| 7130 | 5800 | Reise-/Kjøregodtgjørelse | | Kr. | 51 526,20 | | Kr. | 49 000,00 | Kr. | -2 526,20 |
| 7140 | 5250 | Reise-/Representasjon | | Kr. | 1 305,00 | | Kr. | 0,00 | Kr. | -1 305,00 |
| 7150 | 6020 | Reise-/Lokale Arrangement | | Kr. | 0,00 | | Kr. | 0,00 | Kr. | 0,00 |
| 7310 | 6725 | Annonse-/Annonse Kostnader | | Kr. | 19 078,89 | | Kr. | 15 000,00 | Kr. | -4 078,89 |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 7500 | 6520 | Forsikring-/Forsikringspremier | | Kr. 2 688,00 | | Kr. 2 700,00 | Kr. 12,00 |
| 7700 | 6000 | Møter-/Styremøte | | Kr. 3 204,00 | | Kr. 5 000,00 | Kr. 1 796,00 |
| 7710 | | Møter-/Seminar | | Kr. 2 500,00 | | Kr. 2 000,00 | Kr. -500,00 |
| 7720 | | Møter-/Ettersøksrådet | | Kr. 0,00 | | Kr. 0,00 | Kr. 0,00 |
| 7810 | | Arrangement-/Opphold/Servering | | Kr. 20 404,00 | | Kr. 19 000,00 | Kr. -1 404,00 |
| 8130 | 8110 | Rente-/Kostnader | | Kr. 0,00 | | Kr. 0,00 | Kr. 0,00 |
| 8170 | | Finans-/Andre Kostnader | | Kr. 0,00 | | Kr. 0,00 | Kr. 0,00 |
| | | **Sum Inntekter-/Utgifter** | Kr. 467 551,35 | Kr. 560 966,17 | Kr. 599 710,00 | Kr. 664 627,00 | |
| | | **ÅRSRESULTAT Under-/Overskudd** | Kr. -93 414,82 | Kr. USANN | Kr. -64 917,00 | Kr. USANN | |
| | | **Balanse** | Kr. 560 966,17 | Kr. 560 966,17 | Kr. 664 627,00 | Kr. 664 627,00 | |

| **Kortsiktig Gjeld/Midler Avsatt 2002** | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 2810 | 2820 | Midler-/Avsatt Kultivering | | Kr. 17 000,00 |
| 2811 | 2825 | Midler-/Avsatt Kurs Jervejakt | | Kr. 7 000,00 |
| 2813 | 2875 | Midler-/Avsatt Kurs Partering | | Kr. 15 000,00 |
| 2831 | 2832 | Midler-/Avsatt Ettersøksrådet | | Kr. 0,00 |
| 2840 | 2840 | Midler-/Avsatt Landsmøtet | | Kr. 30 000,00 |
| 2841 | 2836 | Midler-/Avsatt Underv.prosjektet | | Kr. 0,00 |
| | | **Sum** | | Kr. 69 000,00 |

| **Anleggsmidler pr. 31.12.2002** | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 1320 | | Lån Vestnorsk Villmarksmesse | | Kr. 40 000,00 |
| | | **Sum** | | Kr. 40 000,00 |

| **Saldo Reskontro pr. 31.12.2002** | | | **+/-** |
|---|---|---|---|
| 1510 | 1210 | Fordringer-/Kunder | Kr. 44 682,29 |
| 2410 | 2010 | Gjeld-/Leverandører | Kr. -84 311,00 |
| | | **Sum** | Kr. -39 628,71 |

| **Saldo Varelager pr. 31.12.2002** | | | |
|---|---|---|---|
| 1460 | 1090 | Varer-/Varelager Effekter | Kr. 33 369,00 |
| | | **Sum** | Kr. 33 369,00 |

| **Saldo Bank/Kasse pr. 31.12.2002** | | | |
|---|---|---|---|
| 1900 | | Kontanter-/Kasse | Kr. 0,00 |
| 1920 | 1030 | Bankkonto-/3710.11.42737 | Kr. 101 582,69 |
| 1930 | 1040 | Kapaitalkonto-/3710.11.98201 | Kr. 76 536,85 |
| | | **Sum** | Kr. 178 119,54 |

# Norges Jeger- og Fiskerforbund
# -Sogn og Fjordane

## Arbeidsprogram for 2003

### 1.1. Naturgrunnlaget som føresetnad for jakt og fiske.

**Målsetjing:** Sikre naturgrunnlaget som vilkår for jakt og fiske.

**Tiltak**:

*VILLAKS*

- Arbeide for auka midlar til å bekjempe gyro
    1. Pressemeldingar (Okt-nov. -FF / FS)
    2. Brev til politikarane (Okt-nov. -FF / FS)
- Arbeide for auka kalkingsbudsjett / Forsuring
    1. Pressemeldingar (Okt-nov. -FF / FS)
    2. Brev til politikarane (Okt-nov. -FF / FS)
- Deltakar i lakserådet: aktivt vere med på å påverke ei god forvaltning av lakseressursane, herunder klekkeri og lakselus
    1. Delta på møter (Kontinuerlig -FF)
- Aktiv deltakar i arealforvaltning, arbeide mot inngrep / uroing i naturområde (kont. –styret / FS)
    1. Høyringar (Kont. –FF / FS)
    2. Pressemeldingar (Kont. –FF / FS)

*INNLANDSFISK*

- Engasjere seg i arbeidet med innsjøar med frie midtparti
- Skulering innan fiskestell
    1. Kurs i fiskestell (Våren 03 –FF)
- Deltakar i Driftsplanprosjektet/ Prosjekt utmarksnæring: påverke at tilgang til innlandsfisk vert rimeleg og enkelt, påverke at lokallaga er med i driftsplanarbeid for innlandsfisk
    1. Delta på møter (kont. –Leiar)
    2. Snakke med / skrive til lokallaga ang. deltaking i driftsplanarbeid (FS)

*STORE ROVDYR*

- Kursing
    1. Kurs i jervejakt (Okt –FV)
- Innspel til meldingsarbeidet
    1. Innspel (kont. –FV)

*KYSTSEL OG GÅS*

- Bestandsregistrering av kystsel
    1. Få midlar til registreringa, samarbeid med Fiskeridirektøren og evt. andre, koordinere registreringa (kont – FS)

- Kurs
    1. Samarbeide om kurs i seljakt ( i Møre og Romsdal) (kont. –FS)
    2. Kurs i gåsejakt

*VILTTAKSERINGAR*

*DELTAKING I LOKAL FORVALTNING*

- Forum for Natur og Friluftsliv (FNF)
    1. Samarbeide med FNF (kont –FF / FV / FS)
    2. Bidra til auka interesse for FNF i lokallaga (Kont. –FS)
- Driftsplanprosjektet / Prosjekt Utmarksnæring
    1. Delta i utmarksprosjektet og driftsplanprosjektet (kont. –Leiar)
    2. Påverke lokallag å bli med i driftsplanarbeid lokalt ( Kont - FS)
- Mik-seminar
    1. Seminar fiskeforvaltning (22-23. nov. på Rica Hotel, Førde –Mik -instr.)
- Samarbeide med Fylkesmannen om tildeling av midlar frå vilt og fiskefondet for å betre bruken av pengane.
    1. Møte med Fylkesmannen : viltfondsmidlar ( Mars – FV)
    2. Møte med Fylkesmannen: fiskefondsmidlar ( Mars –FF)
- Prosjekt hjortemerking
    1. Legge inn registreringar på nettet (kont. –FS)
    2. Delta på møter i prosjektet (kont –Ove Bjørlo)

*NY PLAN OG BYGNINGSLOV*

- Delta i høyringsprosessen
    1. Forberede saka for styret (kont. –FV/FF)

*VERNEPLAN V OG RULLERING AV SAMLA PLAN (SP)*

- Fylgje opp utbyggingssaker
    1. Fylgje opp samla plan for verna vassdrag (kont. –FF)
    2. Vindkraftanlegg på Bremangerfjellet (kont. -)
    3. Vindkraftanlegg på Stadlandet (kont. -)
    4. Fylgje opp planendring for Kløvtveit kraftverk (kont –FF)
    5. Fylgje opp vassdragsrapport for Ytre og Indre Offerdalselvi (kont –FF)

## *REVISJON AV KONSESJONAR FOR KRAFTUTBYGGING*

Register over konsesjonar: www.nve.no

- Halde oppdatert oversikt over saker som er / vil bli aktuelle og ta initiativ i desse (kont –FF)

*TAKSERING AV SMÅVILT*

- Kurs i taksering av småvilt ( kont –FH)

*SUR NEDBØR*

- Arbeide for auka midlar til kalking
    1. Pressemelding
    2. Brev til politikarane

*SPREIING AV FISKEARTAR*

- Vere behjelpeleg med å gje informasjon til NJFF om problem regionalt
    1. Fange opp evt. problem/ få info frå lokallag og formidle vidare til NJFF (kont –FS)

## • 1.2. Tilgjenge til jakt og fiske.

**Målsetjing:** Sikre og vidareutvikle ålmenta si tilgjenge til jakt og fiske.

**Tiltak:**

*VIDAREFØRE SAMARBEIDET MED RETTIGHEITSHAVARAR*

- Prosjekt utmarksnæring / Driftsplanprosjekt (kont –Leiar)
- Mik-seminar (22-23. nov – Mik.instr. )
- Opplæringsjakt (kont – FS)

*STRANDSONA*

- Bistå dei enkelte lokallaga i enkeltsaker
    1. Bistå lokallag (kont. - FS)

*PRØVEORDNINGAR*

- Samarbeid med Norskog: prøveordning med lange jakttider kombinert med samjakt
    1. Fylgje opp evt. prøveordningar (kont – FV)

*VERNEFORSKRIFTER*

- Faunaforvaltning i verneområde
    1. Vere pådrivar overfor fylkesmannen for fylkesvis gjennomgang av verneforskriftene (kont.)
- Sikre allemannsretten og ferdselsretten
    1. Høyringar

*PRAKSIS OG INTENSJONAR*

- Sørge for fokus på konkrete døme på framleige i samarbeid med lokallaga
    1. Pressemeldingar, søke bistand frå NJFF / lokallaga, pådrivar for å få uheldig framleige på dagsorden (kont. –FF/FV)
- Bistå lokallaga ved leige av jakt og fiskerettar
    1. Lage til ei kokebok til lokallaga med tips om korleis ein går fram / døme på avtalar (våren – FS)
- Auka fokusering på samjakt
    1. Pressemeldingar (Våren – FV / Leiar)
    2. Kontakt med kommunar og / eller grunneigarorg. (våren – FV / Leiar )
- Halde oversikt over jakt- og fiskevald som lokallaga disponerer og informere andre om desse.
    1. Bruke internett og medlemsbladet for å spre denne informasjonen (kont – FS)
- Arbeide for å opne jakt og fiske for allmugen særleg der det har vore nytta offentlege midlar
    1. Fylgje opp brev til DN via NJFF og brev til FM (kont – FS)

*SAL AV UTMARKSEIGEDOMAR*

- Kartlegge ulike leigeforhold i samarbeid med lokallaga
    1. Kartlegge ulike leigeforhold som prestegardseigedomar, statsskog, norskog og andre (kont.-FS)

*SMÅVILTJAKT*

- Kartleggje utleige / kortområde for småviltjakt
    1. Kartleggje områda i samarbeid med t.d. høgskule (kont – Undervisn.instr.)

## 1.3. Utøving av jakt og fiske.

**Målsetjing:** Sikre jakt- og fiskeutøving som ein naturleg del av det tradisjonelle, haustingsbaserte friluftslivet.

**Tiltak:**

*SIKKER OG HUMAN JAKTUTØVING*

- Utdanne jegerprøveinstruktørar
    1. Jegerprøve fase II og III (Førde 1-2. februar– j.p. instr.)
    2. Fellessamling jegerprøveinstruktørar (5-7. desember, Stjørdal – j.p. instr.)
- Auke kompetansen til jaktleiarar og jegerar / nye forskrifter om forvaltning av hjortevilt
- Auke kompetansen/ aktiviteten innan rifleskyting
    1. 1, evt. 2 Instruktørkurs i rifleskyting (etter fellessamling i Stjørdalen. )
- Auke kompetansen /aktiviteten innan hagleskyting
    1. Instruktørkurs i hagleskyting (Nordfjordeid, 2-4. mai)
    2. Instruktørkurs i hagleskyting (Sogn)
    3. Dommarkurs i hagleskyting
    4. Autorisere jegertrap-dommarar
- Auke aktiviteten / kompetansen innan jakthundarbeid
    1. Vere pådrivar ovanfor lokallaga for at dei gjennomfører dressurkurs (kont –FH)
    2. Instruktørkurs el-dressur (dato, stad, -El-dressur instr.)
    3. Motivere potensielle instruktørar til å starte på instruktørutdanning (kont –FH)
    4. Arrangere dommarkurs ettersøk (før 17. mai, Byrkjelo – ettersøk instr. )
    5. Arrangere dommarkurs ettersøk (etter 17. mai, Sogndal –ettersøk instr. )
    6. Blodsporprøve og bevegeleg ferskesporprøve (Stryn, –ettersøk instr.)

*DRUKNING I SAMANHENG MED FISKE*

- Drive informasjon og haldningsskapande verksemd for å bidra til nedgang i ulukkestala
    1. Informere på internett, artikkel i medlemsblad i mai, pressemelding (kont – FF/FS)

*REVISJON AV REGELVERK*

- Revisjon av regelverket for konkurranseverksemda i løpet av 2003
    1. Bistå NJFF med innspel om regelrevisjon (kont. – Instr. rifle )

*TERMINFESTA STEMNER*

- Terminfesta jaktskytingsstemner
    1. Koordinere og setje saman terminliste (sept/okt –FS)
    2. Bestille premiar til Fylkesmeisterskap og Landsdelsmeisterskap

*FUGLEHUNDAR*

- Treningsområde for fuglehundar
    1. Få avtalar om treningsområder for fuglehundar på Utvikfjellet (kont. –FH)
    2. Vidareføre treningsområdet på Gaularfjellet (kont. –FH)

- Skape eit betre fuglehundmiljø
    1. Koordinere og danne grupper som har interesse for fuglehundar, organisere samlingar (kont. – FH)

*SIKRE JAKT OG FISKE SOM EIN DEL AV DET TRADISJONELLE FRILUFTSLIVET VED REKRUTTERING AV BARN / UNGDOM OG KVINNER*

- Aktivitetar for born / ungdom
    1. Fylkesleir (Nesholmen, 13.-15. juni –ung.leiar)
    2. Assistere lokallaga ved arrangement for born / unge
- Undervisningsopplegg i skulane
    1. Skaffe fleire oppdrag i skuleverket (kont –Undervisn.instr.)
    2. Få midlar til undervisningsopplegget (des 02 / jan-febr.03 – Undervisn.instr.)
- Aktivitetar for kvinner / nybyrjarar
    1. Isfisketur for damer ( Hyen, 1. mars –kvinnekontakt)
    2. Flugefiske for damer ( vår, – kvinnekontakt)
    3. Kurs i partering og tilverknad av hjort (Svanøy 5-7 sept. –kvinnekontakt)
    4. Småviltjakt for damer (okt, –kvinnekontakt)

## 2.1. Organisasjonsutvikling.

**Målsetjing:** Organisasjonen vert vidareutvikla slik at fylkeslaget i endå større grad kan bistå lokallaga m.o.p. NJFF sine satsingsområde.

**Tiltak:**
*INTERNETT OG INTRANETT*
- Oppdatere informasjon til medlemer og tillitsvalde på heimesida (kont –FS i samarbeid med instruktørar og fagleiarar)
- Marknadsføre nye tilbod på NJFF sine heimesider overfor lokallaga (kont. –FS)
- Marknadsføre fylkeslaget sine internettsider (kont. –FS)
- Ta i bruk intranettet (få lettar tilgang til medlemslister, søknadsskjema, vegleiing, kursmateriell osv) (kont. –FS)
- Benytte intranett til å bistå lokallaga (kont – FS)

*OPPGRADERING AV TILLITSVALDE*
- Gje tillitsvalde moglegheit til kompetanseheving gjennom kurs, samlingar:
    1. Formannskonferanse (Førde 23-24. nov. –styret)
    2. Organisasjonskurs for nye tillitsvalde

*LOKALLAGSSTRUKTUR / VITALISERING*
- Kartleggje lokallagsstrukturen i fylket med tanke på ei god geografisk dekning. Kontakte lag som ikkje er medlem i NJFF og påverke desse til å bli medlem
- Vitalisere lokallag som ikkje fungerar / danne nye lokallag
    1. Solund jfl (kont. –FF)
    2. Måløy (kont. –Leiar)
    3. Selje

*FORMELLE REGLAR OG VIKTIGE PLANDOKUMENT*

- Motivere lokallaga til å gjennomgå og revidere gamle vedtekter til mønstervedtektene:
    1. Motivere lokallaga på formannskonferanse (23-24. nov –styret)
    2. Bruke info –skrivet frå fylkeslaget
    3. Årsmøte
- Nytte NJFF sitt handlings- og arbeidsprogram i utarbeiding av eigne planar:
    1. Bruke aktivt NJFF sine program i utarbeiding av eigne planar (kont – styret)

*OPNE LUKKA LOKALLAG*

- Ta kontakt med lukka lokallag og motivere for, og bistå i prosessen med evt. vedtektsendringar (kont. – FS)

*AUKE SYNLEGGJERING AV NJFF*

- Vidareføre dagens marknadsføring av NJFF:
    1. Internett
    2. Vestnorsk Villmarksmesse
    3. Naturmagasin i NRK –Sogn og Fjordane. Laga vert oppmoda å sende interessant stoff til fylkessekretæren.
- Fylgje opp sentrale strategiar i den regionale marknadsføringa (kont. –FS)

*INSTRUKTØRORDNING*

- Iverksetje endringar som NJFF vedtar

*INTERN OG EKSTERN MØTEVERKSEMD*

- Landsmøte i Loen november
- Ungdommens Landsmøte
- Fylkesleiarkonferanse
- Årsmøte
- Styremøter
- Formannskonferanse
- Møte med grunneigarorganisasjonar
- Møte med forvaltning

## 2.2. Rekruttering.

**Målsetjing:** Minst 105.000 betalte medlemskap for år 2003 på landsbasis, 3100 på fylkesplan.

**Tiltak:**

*MEDLEMSFORDELAR*

- Informere om medlemsfordelar
    1. På ulike tilstellingar / stand, internett, medlemsblad (kont. –fylkeslaget)
- Motivere lokallaga til å informere sine medlemer om medlemsfordelane
- Ha oppdatert materiell tilgjengeleg (kont. –FS)

*ARRANGEMENT OG AKTIVITETAR*

- Gjennomføre dei planlagde aktivitetane
- Delta på regionale arrangement

*VERVING*

- Gjere lokallag og medlemer kjent med det sentrale vervesystemet
    1. Gjere kjent gjennom internett og medlemsblad (kont. –FS)
- Setje opp fylkesvis vervepremiar og informere om dette
- Informere og motivere lokallaga til å bestille velkomstmapper til jegerprøvekandidatar (kont. –FS/ j.p. instr. )
- Kontakte direktemedlemer for å verve dei til lokallaga. (okt – FS)
- Gjere marknadsføring og synleggjering utad meir profesjonell
- Konkurranseaktiviteten skal nyttast meir aktivt i rekrutteringssamanheng

## 2.3. Barne- og ungdomsarbeid

**Målsetjing:** Setje i verk tiltak som skal gje barn og ungdom eit betre tilbod enn tidlegare. Fiskeklubben skal få eit større innhald gjennom aktivitetar lokalt.

**Tiltak:**
*VEDTEKNE MINSTESTANDARDAR*

- Gjennomføre "minstestandarden" for barne- og ungdomsarbeid
    1. Fiskeklubben: minst eitt fylkesarr. for fiskeklubbemedlemer årleg
    2. Skuleprosjekt: tilby konsulentverksemd til skulane (kont. –Undervisn.instr.)
    3. Trekke lokallaga med i satsinga mot skuleverket slik at det vert etablert lokal kontakt mellom lokallag og skule –fylgje opp skulestangprosjektet (kont. –Undervisn.instr.)
    4. Eitt regionalt arrangement for born og eitt for ungdom (–Ungd.ansv.)
    5. Bistå i avviklinga av dei sentrale ungdomssamlingane ( –FS / Ungd.ansv.)
    6. Vidareformidle tilbod om oppfylging av jegerprøvekandidatar (kont. -)
    7. Utvikle opplæringstilbod til dei lokallag som ynskjer å satse på born og ungdom
    8. Samle informasjon om kva som skjer av borne- og ungdomsaktivitetar (kont. –FS)
    9. Minimum ein ungdom under 26 år representert i fylkeslaget sitt styre
    10. Barne- og ungdomsarbeid fast post på styremøter og årsmøte
    11. Eigen budsjettpost for barne- og ungdomsverksemd

*FISKEKLUBBEN*

- Marknadsføre aktivt Fiskeklubben
    1. I medlemsblad, internett, på arrangement for born / ungdom
- Stimulere til aktivitet i lokallaga (kont. – Ungdomsansv.)

## 2.4. Informasjonsarbeid

**Målsetjing**: NJFF sitt bodskap skal nå ein større del av allmugen på ulike nivå, og skal stimulere til auka interesse og forståing for jakt og fiske.

**Tiltak**:

*SYNLEGGJERING*

- Direkte kontakt og pressemeldingar for å fremje organisasjonen sitt syn i enkeltsaker
    1. Opplæringsjakt
    2. Samjakt
    3. Bruk av hund i jakt
    4. Lokal fiskeforvaltning
    5. Våpenlæring i forhold til jegerprøva
    6. Verneplan for vassdrag

*INFORMASJON SOM GRUNNLAG FOR PÅVERKNAD*

- Mobilisere innsats i enkeltsaker
- Integrere informasjonsarbeid ovanfor regionale og lokale myndigheiter

*INATUR*

- Aktivt påverke lokallaga til å tilby sine produkt og tenester gjennom iNatur
- Marknadsføre og informere om iNatur

*INTERNE INFORMASJONSRUTINAR*

- Halde lokallaga løpande informert om aktuelle høyringar, med kopi til fagansvarleg i lokallaga
- Informere lokallag om stønadsordningar
- Medlemsblad "Jeger & Fisker" skal ut 2 gonger og vidareutviklast

Bidra med stoff til Jakt & Fiske

BUDSJETT 2003

| Budsjettforslag 2003 - NJFF Sogn og Fjordane | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Inntekter** | | | | |
| 3200 | 3021 | Salg-/Reklame (Transporthenger) | Kr. | 4 000,00 |
| 3210 | 3700 | Salg-/Annonser | Kr. | 0,00 |
| 3220 | 3010 | Salg-/Effekter | Kr. | 9 000,00 |
| 3240 | | Salg-/Kursmateriell | Kr. | 1 000,00 |
| 3290 | | Salg-/Andre Inntekter | Kr. | 3 000,00 |
| 3300 | | NJFF-/Tilleggskontigent | Kr. | 0,00 |
| 3301 | 3201 | NJFF-/Variabel Refusjon | Kr. | 50 000,00 |
| 3302 | 3204 | NJFF-/Kont. Fast Grunnbeløp | Kr. | 22 500,00 |
| 3303 | 3204 | NJFF-/Kont. Kom. Andel | Kr. | 22 500,00 |
| 3304 | 3206 | NJFF-/Kont. Landsmøtet | Kr. | 8 500,00 |
| 3305 | 3207 | NJFF-/Kont. Lokale Arr. | Kr. | 5 500,00 |
| 3306 | 3208 | NJFF-/Kont. Ungd.Satsing | Kr. | 14 000,00 |
| 3307 | 3209 | NJFF-/Kont. Medl.Avis | Kr. | 14 000,00 |
| 3308 | 3210 | NJFF-/Kont. Kontordrift | Kr. | 42 000,00 |
| 3309 | | NJFF-/Refusjon Porto/Adm.Utgifter | Kr. | 0,00 |
| 3310 | | NJFF-/Refusjon Fiske/Villm.Camp | Kr. | 0,00 |
| 3311 | | NJFF-/Refusjon Merverdiavgift | Kr. | 5 500,00 |
| 3390 | 3200 | NJFF-/Tilskudd/Andre Bidrag | Kr. | 0,00 |
| 3410 | 3205 | Tilskudd-/Fylkessekretær | Kr. | 10 000,00 |
| 3420 | 3530 | Tilskudd-/Kulturmidler | Kr. | 0,00 |
| 3430 | 3330 | Tilskudd-/Aktiv Ungdom | Kr. | 0,00 |
| 3440 | 3240 | Tilskudd-/Studieforbundet | Kr. | 4 000,00 |
| 3450 | 3300 | Tilskudd-/Merkeprosjekt | Kr. | 10 000,00 |
| 3460 | | Tilskudd-/Gaver | Kr. | 0,00 |
| 3470 | 3371 | Tilskudd-/Friluftsleirer | Kr. | 8 000,00 |
| 3471 | 3372 | Tilskudd-/Friluftshelg Hyen | Kr. | 0,00 |
| 3472 | 3373 | Tilskudd-/Jaktlederkurs | Kr. | 0,00 |
| 3473 | 3374 | Tilskudd-/Jervejaktkurs | Kr. | 15 000,00 |
| 3474 | 3375 | Tilskudd-/Driftsplanarbeid | Kr. | 4 000,00 |
| 3475 | 3376 | Tilskudd-/Ettersøksråd | Kr. | 7 000,00 |
| 3476 | 3377 | Tilskudd-/Medlemsavis | Kr. | 3 000,00 |
| 3477 | 3378 | Tilskudd-/Fluekasterkurs | Kr. | 0,00 |
| 3478 | | Tilskudd-/Undervisn.prosjektet | Kr. | 130 000,00 |
| 3479 | | Tilskudd-/Jegerprøven/Instr. | Kr. | 5 000,00 |
| 3480 | | Tilskudd-/MIK | Kr. | 25 000,00 |
| 3481 | | Tilskudd-/Form.Konferanse | Kr. | 0,00 |
| 3482 | | Tilskudd-/Ettersøk/Sporhund | Kr. | 2 500,00 |
| 3483 | | Tilskudd-/Fiskekultivering | Kr. | 0,00 |
| 3484 | | Tilskudd-/Haglekurs | Kr. | 5 000,00 |
| 3490 | 3570 | Tilskudd-/Andre Bidrag | Kr. | 2 500,00 |
| 3500 | 3800 | Kurs-/Avgift | Kr. | 45 000,00 |
| 3510 | 3610 | Arrangement-/Villmarksmesse | Kr. | 95 000,00 |
| 3520 | 3901 | Arrangement-/Lotteri | Kr. | 40 000,00 |
| 3530 | | Arrangement-/Lokale | Kr. | 0,00 |
| 3540 | | Arrangement-/Avgift | Kr. | 18 000,00 |
| 3590 | 3960 | Arrangement-/Andre Inntekter | Kr. | 1 500,00 |
| 3710 | | Sponsor-/Undervisn.prosjektet | Kr. | 10 000,00 |
| 3720 | | Timer-/Undervisn.prosjektet | Kr. | 42 000,00 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 3990 | 3990 | Drift-/Andre Inntekter | Kr. | 2 000,00 | | |
| 8030 | 8010 | Rente-/Inntekter | Kr. | 10 000,00 | | |
| 8070 | 8090 | Finans-/Andre Inntekter | Kr. | 0,00 | | |

| **Utgifter** | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 4300 | 4650 | Varer-/Innkjøp Effekter | | | Kr. | 15 000,00 |
| 4310 | 4600 | Kurs-/Materiell Interne | | | Kr. | 12 000,00 |
| 4320 | 6400 | Kurs-/Materiell Eksterne | | | Kr. | 0,00 |
| 4360 | | Frakt-/Kostnader | | | Kr. | 0,00 |
| 4390 | 4730 | Kurs-/Andre Kostnader | | | Kr. | 1 000,00 |
| 4500 | 6100 | Fremmedytelser-/Konsulentarb. | | | Kr. | 2 000,00 |
| 5210 | | Godtgjørelse-/Fri Telefon | | | Kr. | 8 000,00 |
| 5250 | | Godtgjørelse-/Tapt Arb.fortj. | | | Kr. | 2 500,00 |
| 5300 | | Honorar-/Styremedlemmer | | | Kr. | 5 800,00 |
| 5310 | | Lønn-/Undervisn.instruktør | | | Kr. | 165 000,00 |
| 5320 | | Pensjon-/Undervisn.instruktør | | | Kr. | 0,00 |
| 5330 | | Honorar-/Fylkesinstruktører | | | Kr. | 2 000,00 |
| 5900 | | Gaver-/Tillitsvalgte/Andre | | | Kr. | 2 000,00 |
| 6000 | 6015 | Midler-/Avsatt Landsmøtet | | | Kr. | 30 000,00 |
| 6300 | 4600 | Kurs-/Adm./Drift Interne | | | Kr. | 10 000,00 |
| 6310 | 6400 | Kurs-/Adm./Drift Eksterne | | | Kr. | 0,00 |
| 6440 | | Leie-/Transportmidler | | | Kr. | 1 500,00 |
| 6450 | | Leie-/Lokaler | | | Kr. | 21 500,00 |
| 6470 | 6215 | Leie-/Kontor Fylkessekretær | | | Kr. | 12 000,00 |
| 6590 | 4990 | Drift-/Andre Kostnader | | | Kr. | 5 000,00 |
| 6600 | 6899 | Arrangement-/Villmarksmessen | | | Kr. | 0,00 |
| 6610 | | Arrangement-/Lokale/Profil. | | | Kr. | 1 000,00 |
| 6620 | 7002 | Arrangement-/Friluftsleirer | | | Kr. | 16 000,00 |
| 6630 | 6600 | Arrangement-/Premier/Gevinster | | | Kr. | 7 500,00 |
| 6640 | | Arrangement-/Lotteri Kostnader | | | Kr. | 24 500,00 |
| 6650 | | Arrangement-/Sporhund | | | Kr. | 150,00 |
| 6690 | 6600 | Arrangement-/Andre Kostnader | | | Kr. | 0,00 |
| 6710 | | Drift-/Merkeprosjekt | | | Kr. | 4 000,00 |
| 6720 | | Drift-/Undervisn.prosjektet | | | Kr. | 5 000,00 |
| 6810 | | Data-/Maskiner/Utstyr | | | Kr. | 35 000,00 |
| 6811 | | Data-/Vedlikehold | | | Kr. | 1 500,00 |
| 6812 | | Data-/Programvare | | | Kr. | 0,00 |
| 6820 | 6220 | Adm.-/Kontormatr./Inventar | | | Kr. | 2 000,00 |
| 6830 | 6715 | Adm.-/Vedlikehold | | | Kr. | 0,00 |
| 6840 | 6860 | Adm.-/Aviser/Tidsskrifter | | | Kr. | 1 500,00 |
| 6850 | 6820 | Adm.-/Faglitteratur/Bøker | | | Kr. | 500,00 |
| 6860 | 6700 | Adm.-/Kontorrekvisita | | | Kr. | 9 000,00 |
| 6870 | 6750 | Adm.-/Kopiering | | | Kr. | 0,00 |
| 6880 | 6830 | Adm.-/Trykkeritjenester | | | Kr. | 9 500,00 |
| 6890 | | Adm.-/Andre Kostnader | | | Kr. | 0,00 |
| 6900 | 6850 | Tele-/Internett/Telefon/Faks | | | Kr. | 30 000,00 |
| 6910 | 6950 | Gebyr-/Bank etc. | | | Kr. | 1 600,00 |
| 6940 | 6800 | Porto-/Post/Brev etc. | | | Kr. | 51 000,00 |
| 7010 | 8500 | Kjøretøy-/Transporthenger | | | Kr. | 0,00 |
| 7020 | | Kjøretøy-/Vedlikehold | | | Kr. | 0,00 |
| 7100 | 6006 | Reise-/Opphold Eksterne | | | Kr. | 18 000,00 |
| 7110 | 5900 | Reise-/Opphold Interne | | | Kr. | 11 000,00 |
| 7120 | 5950 | Reise-/Klippekort Bomavgift | | | Kr. | 0,00 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 7125 | 5950 | Reise-/Klippekort Ferjer | | | Kr. | 0,00 |
| 7130 | 5800 | Reise-/Kjøregodtgjørelse | | | Kr. | 40 000,00 |
| 7140 | 5250 | Reise-/Representasjon | | | Kr. | 6 500,00 |
| 7150 | 6020 | Reise-/Lokale Arrangement | | | Kr. | 5 000,00 |
| 7310 | 6725 | Annonse-/Annonse Kostnader | | | Kr. | 20 000,00 |
| 7500 | 6520 | Forsikring-/Forsikringspremier | | | Kr. | 2 700,00 |
| 7700 | 6000 | Møter-/Styremøte | | | Kr. | 3 500,00 |
| 7710 | | Møter-/Seminar | | | Kr. | 2 500,00 |
| 7720 | | Møter-/Ettersøksrådet | | | Kr. | 5 000,00 |
| 7810 | | Arrangement-/Opphold/Servering | | | Kr. | 40 000,00 |
| 8130 | 8110 | Rente-/Kostnader | | | Kr. | 0,00 |
| 8170 | | Finans-/Andre Kostnader | | | Kr. | 0,00 |
| | | **Sum Inntekter-/Utgifter** | Kr. | 696 000,00 | Kr. | 649 250,00 |
| | | **ÅRSRESULTAT Under-/Overskudd** | Kr. | USANN | Kr. | 46 750,00 |
| | | **Balanse** | Kr. | 696 000,00 | Kr. | 696 000,00 |

**VEDTEKTER**

# NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND SOGN OG FJORDANE

Vedtekne av årsmøtet 25.03.2000
Revidert 24.03.01

***DEL I***

***§ 1. NAMN***
*Fylkeslaget sitt namn er* ***Norges Jeger- og Fiskerforbund – Sogn og Fjordane****, og er ein samanslutning av alle lag tilslutta Norges Jeger- og Fiskerforbund i Sogn og Fjordane Fylke.*

***§ 2. FORMÅL***
*Fylkeslaget sitt hovudformål er det same som for NJFF sentralt:*

*Å ta vare på jakt- og fiskeinteressene igjennom å ta vare på naturen sitt produksjonsgrunnlag, og ved at ålmenta skal ha tilgang til å utøve jakt og fiske. Hovudmåla er:*

- *å være ein aktiv interesseorganisasjon som tek vare på medlemene sine interesser innan jakt, fiske, naturforvalting og friluftsliv.*
- *å sikre ei berekraftig hausting av vilt- og fiskeressursane våre, basert på tilgjengeleg kunnskap.*
- *å sikre at viltet og fisken blir hausta til glede for flest mogeleg motiverte utøvarar.*

*Arbeidet i fylkeslaget skal byggje på NJFF sitt gjeldande handlingsprogram og det årlege arbeidsprogrammet.*

*Fylkeslaget skal være bindeleddet mellom NJFF sitt sentralledd og lokallaga i fylket. Det har eit særleg ansvar med å ta vare på organisasjonen sitt formål elles på fylkesnivå.*

***§ 3. LEIANDE ORGAN***
*Laget sine leiande organ er:*
*a) Årsmøtet*
*b) Ekstraordinært årsmøte*
*c) Styret*

*Årsmøtet skal haldast kvart år innan 1. april.*

*Sentralleddet i NJFF har rett til å vera representert på års- og styremøta til fylkeslaget med talerett.*

***§ 4. ØKONOMI***
*Forbundet refunderer til fylkeslaget den del av kontingenten som landsmøtet fastset.*

*Fylkeslaget sitt årsmøte kan i tillegg fastsetje ein eigen kontingent til fylkeslaget som vert kravt inn saman med forbundskontingenten.*
*Fastsett fylkeskontingent skal meldast til forbundet innan 1. september.*

***DEL II***

***§ 5. ÅRSMØTE***
*Ordinært årsmøte skal haldast kvart år innan 1. april og skal veksla likt mellom Nordfjord, Sunnfjord og Sogn.*
*Årsmøtet skal kallast inn med 6 vekers skriftleg varsel. Framlegg som laga ynskjer å få handsama av årsmøtet skal vere styret i hende innan utgangen av januar.*
*Styret sitt framlegg til sakliste, årsmelding, rekneskap, evt. vedtektsendringar og andre saksdokument skal sendast til lokallaga seinast 2 veker før årsmøtet.*
*Lag med inntil 200 medlemer kan senda 2 representantar. Lag med fleire medlemer kan sende ytterlegare 1 representant for kvar påbyrja 200 medlemer, -maksimalt 6 representantar. Medlemer frå laga utnemnd av NJFF i sentrale utval og fylkesinstruktørar vert kalla inn til årsmøtet. Desse har talerett, men ikkje røysterett. Dersom dei møter som representant for eit lag har dei både tale- og røysterett på årsmøtet.*

*Årsmøtet skal handsama følgjande:*

13. *Konstituering av møtet*
    - *Godkjenning av fullmakter*
    - *Godkjenning av innkalling*
    - *Godkjenning av saklista*
    - *Godkjenning av forretningsorden*
    - *Val av ordstyrar*
    - *Val av sekretær*
    - *Val av teljekorps*
    - *Val av 2 representantar til å skriva under møteboka*
14. *Årsmelding frå siste kalenderår.*
15. *Revidert rekneskap frå siste kalenderår.*
16. *Innkomne saker med styret sitt framlegg til vedtak.*
17. *Andre saker som styret har sett opp på saklista.*
18. *Styret sitt framlegg til arbeidsprogram.*
19. *Fylkeslaget sin kontingentdel, med styret sitt framlegg til vedtak.*
20. *Styret sitt framlegg til budsjett.*
21. *Val av styre i medhald av § 7.*
22. *Val av valnemnd på 3 medlemer - mest mogeleg geografisk fordelt, for 3 år, ein person på val kvart år. Den av medlemene som har sete lengst, er leiar i valnemnda.*
23. *Val av 2 revisorar og ein varamedlem for 3 år, ein person på val kvart år.*
24. *Val av utsendingar til landsmøtet (kvart tredje år).*

Ungdomsansvarleg skal vere representert ved NJFF sitt ordinære landsmøte, og skal gå inn i kvoten til fylkeslaget.

*Dersom ikkje noko anna er bestemt, skal alle saker avgjerast med simpelt fleirtal. Ved likt røystetal er framlegg forkasta, unnateke ved personval, der ein skal foreta loddtrekking. Vala skal vera skriftlege dersom nokon av representantane krev det.*

*Ingen representantar har meir enn ei røyst. Styremedlemene i NJFF Sogn og Fjordane har ikkje røysterett i saker som gjeld årsmelding og rekneskap.*

***§ 6. EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE***

*Ekstraordinært årsmøte kan kallast inn av styret, eller når eit tidlegare årsmøte har bestemt det, eller minst 1/4 av lokallaga i fylket, eller forbundsstyret i NJFF krev det.*

*Ekstraordinært årsmøte, vedlagt sakliste, skal kallast inn med minst 14 dagars varsel. Møtet skal ikkje ta avgjerd i andre saker enn dei som er oppførde på saklista i innkallinga.*

***§ 7. STYRE***

*Laget vert leia av eit styre på 7 representantar, som består av leiar, nestleiar, sekretær, kasserar, ungdomsansvarleg, fagleiar vilt og fagleiar fisk.*
*Fagleiar vilt og fagleiar fisk har i samarbeid med resten av styret ansvar for viltstell- og fiskestellspørsmål.*
*Styret skal ha to vararepresentantar. 1. vararepresentant har hovudansvar for konkurranseaktiviteten. 2. vararepresentant har hovudansvar for jakthundspørsmål.*
*Vararepresentantane vert kalla inn til det fyrste styremøtet etter årsmøtet og elles når faste representantar melder avbod, og når det skal handsamast saker som omfattar dei fagområda dei har hovudansvar for. I desse sakene har vararepresentantane røysterett.*

3. *Styret vert vald for 2 år om gongen. Leiar, kasserar og fagleiar vilt vert valde i år med like årstal. Nestleiar, sekretær, ungdomsansvarleg og fagleiar fisk vert valde i år med ulike årstal.*
4. *Varamedlemene vert valde for 1 år om gongen..*

*Fylkesinstruktørane er fagleg underlagt NJFF, dei bør tiltre fylkesstyret etter behov med tale og forslagsrett.*

***§ 8. STYRET SITT ARBEID***

*Styret skal:*

1. *Representere fylkeslaget, utøve administrativt mynde, handheve vedtektene og ivareta fylkeslaget sine interesser ut mot dei lokallaga som er tilslutta laget og regionale styresmakter.*
2. *Medvirke til å opprette nye lokallag og eventuelt medvirke til å slå saman lokallag der det er naturleg, og hjelpa desse med råd og opplysningar.*
3. *Førebu, handsame og vedta saker av interesse for laga i fylket.*
4. *Halde møter med lokallagsleiarar/-styre for drøfting av viktige saker av felles interesse samt ta initiativ til kurs, møte o.l.*
5. *Sende saker til høyring i lokallaga.*
6. *Fastsetje til for ordinært og eventuelt ekstraordinært årsmøte.*
7. *Leggje fram årsmelding og rekneskap med revisorrapport kvart år om laget si verksemd i kalenderåret.*
8. *Utarbeide framlegg til arbeidsprogram og budsjett for komande år.*
9. *Sende årsmelding og rekneskap samt årsmøtereferat med ajourført liste over tillitsvalde til NJFF og lokallaga seinast 1 månad etter årsmøtet. Føreslå nyval dersom tillitsvalde ikkje oppfyller instruksen, også om dei ikkje står på val.*

10. *Ved behov oppnemne eigne utval og medlemer av desse samt utarbeide arbeidsinstruks for utvala.*
11. *Gjere framlegg om tildeling av eventuelle heidersteikn.*
12. *Utnemne fylkesinstruktørar.*
13. *Utarbeide instruks for tilsette i fylkeslaget.*
14. *Utnemne instruktørar og utarbeide instruks for styremedlemer og instruktørar.*
15. *Vere representert ved stemner og arrangement på fylkesnivå.*
16. *Arbeide for lags- og medlemsfordeler, herunder drive informasjon om økonomisk støtte til fylkeslag og lokallag.*
17. *Avgjere tvistar mellom laga. Avgjersla kan ankast inn for årsmøtet i fylkeslaget.*

*Styret er vedtaksført når minst halvdelen av styret er tilstades. Vedtak vert avgjort ved simpelt fleirtal. Ved likt røystetal er framlegg forkasta. Det skal førast protokoll frå kvart styremøte.*

### *§ 9. VEDTEKTSENDRINGAR*
*Vedtektsendringar (del II) kan gjerast av årsmøtet. Til gyldig vedtak vert det kravt 2/3 fleirtal av dei representantane som er tilstades på årsmøtet.*
*Vedtektsendringar skal godkjennast av Representantskapet i NJFF.*